



Berekraft

2025

Nærare informasjon om SpareBank 1 Sogn og Fjordane sitt berekraftsarbeid

Innhald

- 124 Generell informasjon (ESRS 2)
- 127 Strategi 2026–2029
- 134 Klimaendringar (ESRS E1)
- 157 Eigne tilsette (ESRS S1)
- 172 Forbrukarar og sluttbrukarar (ESRS S4)
- 177 Forretningsadferd (ESRS S4)

Generelle opplysningar (ESRS2)

Grunnlag for utarbeidinga

BP-1 Generelt grunnlag for utarbeidinga av berekraftsrapporten

SpareBank 1 Sogn og Fjordane er ikkje rapporteringspliktig etter CSRD. Banken har likevel valt å nytte delar av strukturen og innhaldet i European Sustainability Reporting Standards (ESRS) som rammeverk for berekraftsrapporteringa. Føremålet er å gi interessentar eit mest mogleg objektivt, konsistent og samanliknbart bilete av banken sitt berekraftsarbeid, utan at rapporten utgjer ei fullstendig CSRD-rapportering.

Berekraftsrapporten er utarbeidd på individuelt grunnlag og gjeld SpareBank 1 Sogn og Fjordane som rapporterende føretak. Rapporteringa er ikkje konsolidert. For enkelte datapunkt, særleg knytt til pantsette eigedomar og klimarelaterte analysar, er det likevel nytta datagrunnlag som inkluderer bustadeigedomar overførte til Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS og SpareBank 1 Boligkreditt AS. Dette er gjort der det er relevant for å gi eit meir dekkjande bilete av risiko og eksponering knytt til banken si utlånsverksemd, utan at dette endrar hovudprinsippet om individuell rapportering.

Ved omtale av banken si verdikjede blir heile verdikjeda skildra, inkludert samhandling med og leveransar frå tilknytte selskap i SpareBank 1-alliansen. Framstillinga er meint å synleggjere verdiskaping, påverknad og avhengnader i oppstraums-, eigne aktivitetar og nedstraums ledd, og inneber ikkje at berekraftsrapporteringa er konsolidert for desse selskapa.

Rapporteringa byggjer på banken si doble vesentlegheitsanalyse og fokuserer på dei berekraftstema som er vurderte som mest relevante for verksemda. Rapporten er ikkje gjenstand for ekstern revisjon eller attestasjon, og omfattar perioden 1. januar til 31. desember 2025.

BP-2 Opplysningar i samband med særlege forhold

Banken si doble vesentlegheitsanalyse ligg til grunn for avgrensing og innhald i berekraftsrapporten. Nærare omtale av analysen går fram av kapittel IRO-1 Beskriving av prosessen for dobbel vesentlegheitsanalyse.

Tidshorisontane som er nytta i analysen og i rapporteringa samsvarar med banken sine ordinære tidshorisontar for risikostyring: kort sikt (1 år), mellomlang sikt (2–5 år) og lang sikt (meir enn 5 år).

Bruk av estimat er særleg relevant for klimarekneskapingen, som i stor grad er basert på gjennomsnittlege utsleppsfaktorar på bransjenivå. Der estimat vert nytta, er det knytt usikkerheit til presisjonen i dei rapporterte tala. Banken arbeider systematisk med å styrkje datagrunnlaget over tid.

Overgangen til å nytte delar av ESRS-rammeverket frå og med rapporteringsåret 2025 har medført vesentlege endringar i struktur og innhald samanlikna med tidlegare år, då rapporteringa var basert på GRI. Vidare har banken sin inntreden i SpareBank 1-alliansen ført til endra datagrunnlag og dataflyt for enkelte klimarelaterte analysar. Nærare omtale går fram av kapittel ESG-data og rapportering i ESRS E1 Klimaendringar.

Styring av berekraft

GOV-1 Administrasjons-, leiings- og kontrollorgan sine roller


Generalforsamlinga er det øvste organet i SpareBank 1 Sogn og Fjordane og skal sjå til at banken verkar i tråd med føremålet sitt og i samsvar med gjeldande lovverk, vedtekter og vedtak fatta av generalforsamlinga.

Styret har det overordna ansvaret for banken sitt arbeid med berekraft. Som del av ansvaret for banken si strategiske styring har styret, saman med konsernleiinga, det øvste ansvaret for berekraftsstrategien, klimaovergangsplanen og tilhøyrande mål og ambisjonar. Berekraft er integrert i banken si overordna styring, og vurderingar av berekraftsrelaterte påverknader, risikoar og moglegheiter inngår som ein del av strategiske og risikorelaterte avgjersler.

Revisjonsutvalet fører på vegner av styret tilsyn med banken si berekraftsrapportering og har eit særskilt ansvar for å følgje opp vesentlege berekraftsrelaterte påverknader, risikoar og moglegheiter. Den løpande oppfølginga blir ivareteken av administrasjonen, med bidrag frå berekrafts- og økonomimiljøa. Revisjonsutvalet har vore involvert undervegs i arbeidet med berekraftsrapporteringa.

Figuren under syner styrande organ i SpareBank 1 Sogn og Fjordane.

Figur 1-1 Styrande organ i SpareBank 1 Sogn og Fjordane




Det overordna styringsansvaret er vidare operasjonalisert gjennom banken si organisering av berekraftsarbeidet.

Organisering av berekraft i SpareBank 1 Sogn og Fjordane

Figur 1-2 Organisering av berekraft i SpareBank 1 Sogn og Fjordane

Organisasjonskart

pr. 31. desember 2025



Det operative ansvaret for berekraftsarbeidet i SpareBank 1 Sogn og Fjordane er delegert til kommunikasjonsdirektør, som leiar avdelingane marknad, kommunikasjon, datadriven kundedialog (DKD) og berekraft. Avdeling for berekraft utgjer banken sin faglege spisskompetanse innan berekraft og har hovudansvaret for gjennomføring og koordinering av berekraftsarbeidet, inkludert berekraftsrapporteringa.

Berekraftsavdelinga arbeider tett med banken sine forretningsområde og sentrale støttefunksjonar for å sikre at verksemda har tilstrekkeleg forståing, datagrunnlag og kapasitet til å handtere berekraftsrelaterte påverknader, risikoar og moglegheiter. Avdelinga har vidare ansvar for utarbeiding og oppfølging av banken sin berekraftsstrategi, som vert vedteken av styret.

Berekraftsavdelinga består av to tilsette. I tillegg har banken etablert ei tverrfagleg berekraftsgruppe, leia av berekraftsansvarleg. Gruppa bidreg i utviklinga av berekraftsstrategien og i oppfølginga av mål og tiltak innanfor dei ulike fagområda i banken.

I 2025 har berekraftsgruppa bestått av fagansvarleg kreditt bedriftsmarknad, fagansvarleg etterleving, kunde- rådgjevarar frå person- og bedriftsmarknaden, samt representantar frå finans, forretningsutvikling, bedriftsmarknad og økonomi. Berekraftsgruppa har hatt faste møte kvar tredje veke for statusoppfølging, framdrift og handsaming av berekraftsrelaterte initiativ.

Berekraftsansvarleg har i tillegg hatt ei sentral rolle i å sikre at berekraft er integrert i banken sin hovudstrategi og at tilhøyrande målsettingar vert tekne omsyn til i den overordna styringa av verksemda.

Berekraftskompetanse i styret og konsernleiinga

Styret og konsernleiinga i SpareBank 1 Sogn og Fjordane har samla sett relevant kompetanse innan berekraft, basert på medlemene sin erfaring frå styre- og leiarroller i næringsliv, finans og offentleg verksemd. Kompetansen omfattar mellom anna strategisk leiing, risikostyring, regulering, samfunnsansvar og finansielle verkemiddel for omstilling.

Styret sin samla kompetanse blir jamleg kartlagt som del av banken sitt arbeid med styreevaluering og kompetanseutvikling. Eventuelle identifiserte kompetansegap blir handterte gjennom målretta tiltak, forankra i banken sin kompetanseplan for styret.

Som del av denne oppfølginga gjennomførte banken i 2024 opplæring for styre og konsernleiing knytt til CSRD, ESRS og nye krav til berekraftsrapportering. Opplæringa har styrka forståinga for korleis berekraftsrelaterte påverknader, risikoar og moglegheiter skal inngå i strategiske vurderingar og overordna styring av banken.

GOV-2 Berekraftsinformasjon gitt til og vurdert av styrande organ

Styret i SpareBank 1 Sogn og Fjordane får jamleg og strukturert informasjon om berekraftsrelaterte forhold som ein del av banken sin ordinære styring og rapportering. I 2025 har styret handsama både faste rapportar og konkrete saker som omhandlar berekraft, klimarisiko, sosiale forhold og verksemdsstyring.

Berekraft er integrert i styret sin behandling av strategi, risikostyring og overordna rammeverk.

Styret si rolle i vurdering og handsaming av berekraftsrelaterte tema omfattar mellom anna:

- vedtak av banken sin hovudstrategi
- vedtak av banken si doble vesentlegheitsanalyse
- fastsetjing av måltal knytt til ESG i risikostrategien
- vedtak av ESG-føringar i kredittstrategien
- vedtak av banken sin berekraftsstrategi
- vedtak av banken sin klimaovergangsplan
- mottak av halvårlege statusrapportar om framdrift og måloppnåing i berekraftsarbeidet
- vedtak av banken si årlege utgreiing av aktsomheitsvurderingar i tråd med openheitslova

Gjennom denne strukturen sikrar styret at berekraftsrelaterte påverknader, risikoar og moglegheiter er vurderte og forankra i banken si overordna styring, strategi og risikorammeverk.

GOV-3 Berekraftsrelaterte resultat i insentivordningar

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har ikkje resultatbaserte bonus- eller insentivordningar for tilsette eller styrande organ. Det er difor heller ikkje etablert godtgjersleordningar som er direkte knytt til måloppnåing innan berekraftsrelaterte forhold.

Godtgjersle til leiande tilsette og styrande organ er regulert gjennom banken si godtgjersleordning, som er utforma i samsvar med gjeldande regelverk og god styringspraksis. Ordninga er tilgjengeleg i banken sitt berekraftsbibliotek på heimesida.

GOV-4 Aktsomheitsvurderingar

SpareBank 1 Sogn og Fjordane rapporterer i samsvar med openheitslova, som trådde i kraft i 2022. Banken har utarbeidd ei årleg utgreiing som gjer greie for identifiserte risikoområde for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, samt gjennomførte aktsomheitsvurderingar. Utgreiinga er offentleg tilgjengeleg i banken sitt berekraftsbibliotek på ssf.no.

Aktsomheitsvurderingane er baserte på OECD sine retningslinjer for fleirnasjonale selskap om ansvarleg næringsliv, og omfattar vurderingar av både eigen verksemd og leverandørkjeda der dette er relevant.

I 2026 vil banken gjennomføre nye risikovurderingar med sikte på å vidareutvikle metodikk, styrkje datagrunnlaget og forbetre etterlevinga av krava i openheitslova.

I tillegg utarbeider banken ei årleg utgreiing i samsvar med likestillings- og diskrimineringslova §§ 26 og 26 a (aktivitets- og utgreiingsplikta). Nærare omtale av dette arbeidet er gitt i kapittelet om eigne tilsette (ESRS S1).

Strategi

Strategi 2026–2029

Visjonen til SpareBank1 Sogn og Fjordane er å vere ei drivkraft for Sogn og Fjordane.

Vi er den leiande banken i kjerneområdet og har ein sterk marknadsposisjon. Samtidig har banken lenge hatt ein vekststrategi på personmarknaden utanfor regionen, og denne strategien ligg fast.

Banken sitt viktigaste samfunnsansvar er å levere tilfredsstillande inntening, slik at vi kan vere ein finansiell muskel for lokalt næringsliv. Overskotet skal tilbake til regionen vår gjennom små og store løft innan næringsliv, utdanning, kultur, forskning, idrett og helse.

Jamlege målingar viser ein høg og stabil kundetilfredsheit og kundelojalitet i og utanfor Sogn og Fjordane. Banken er opptatt av ei berekraftig utvikling, og engasjerer oss lokalt og globalt. Vi har og eit stadig fokus på det regulatoriske, for å sikre at vi har orden i eige hus.

Vi arbeider aktivt for å oppretthalde høg trivsel i organisasjonen, og for å utvikle prestasjonsorienterte og kompetente medarbeidarar. Dette blir ekstra viktig i eit år der våre tilsette skal bli kjent med nye system på allianse-nivå.

Den 26. april 2023 gjekk vi ut med nyheita om at vi skal kjøpe oss inn i SpareBank 1-alliansen. I november 2024 vart den tekniske migreringa gjennomført. Strategien for 2025 handlat om å klare å ta ut gevinstane ved å vere i allianse, samt å sikre den beste kundeopplevinga for kundane våre.

Vi har no gått frå strategiar som fokuserer mest på det neste året, til å no løfte blikket i endå større grad. Vi ser lenger fram, og har satt oss nokre overordna mål som strekk seg over fleire år. Strategien vår heiter Taktskifte 2026–2029. Den fortel kor vi skal, og kvifor vi skal dit. Strategien er bygd på to parallelle løp, der det eine løpet har fokus på vekst og breidde, og det andre løpet har fokus på å sikre at vi stadig jobbar for å vere ein sterk og konkurransedyktig bank, som står seg godt i konkurransebiletet dei neste åra.

I 2029 ønskjer vi å sjå tilbake på at vi er ei drivkraft for samfunnet med eit hovudkontor i Sogn og Fjordane, og at vi er ein bank som med ein tydeleg vekstambisjon har tatt ein solid posisjon som ein bank for framtida.


Forretningsmodell og verdikjede

SpareBank 1 Sogn og Fjordane si verdiskaping skjer i hovudsak gjennom å hente kapital frå innskyttarar og finansmarknaden, og kanalisere denne vidare til personkundar og næringsliv gjennom utlån, finansiering og rådgjevingstenester.

Verdikjeda omfattar oppstraums aktivitetar relaterte til finansiering, leverandørar og samarbeidspartnarar, banken sine egne aktivitetar innan rådgjeving, kreditt, betaling og administrasjon, samt nedstraums aktivitetar knytt til kundar, investeringar og samfunnsengasjement.

Ei samla framstilling av verdikjeda, inkludert samhandling med tilknytte selskap i SpareBank 1-alliansen, er vist i figuren under. Framstillinga er meint å synleggjere påverknader, avhengnader og risikoar i verdikjeda, og inneber ikkje konsolidert rapportering.

Figur 1-3 Verdikjeda til SpareBank 1 Sogn og Fjordane



Interessentdialog

SpareBank 1 Sogn og Fjordane legg vekt på aktiv dialog med interessentar som ein føresetnad for tillit, legitimitet og langsiktig verdiskaping. Interessentdialog er ein integrert del av banken sitt berekraftsarbeid og eit sentralt grunnlag for den doble vesentlegheitsanalysen.

I arbeidet med vesentlegheitsanalysen har banken involvert sentrale interessentar gjennom spørjeundersøkingar, interne workshopar og dialog med utvalde eksterne partar, mellom anna kundar, tilsette, eigarar og leverandørar. Dialogen har gitt viktige innspel til prioritering av berekraftstema og bidrege til å sikre at analysen reflekterer både påverknads- og finansielle perspektiv.

Oversikt over sentrale interessentgrupper er vist i figuren under. Lista er ikkje uttømmende.



SBM-3 Vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter og samspel med strategi og forretningsmodell

I 2024 og 2025 har SpareBank 1 Sogn og Fjordane gjennomført ei dobbel vesentlegheitsanalyse for å vurdere både:

- korleis banken sine aktivitetar påverkar miljømessige, sosiale og styringsrelaterte forhold, og
- korleis berekraftsforhold kan påverke banken sin finansielle posisjon og risikoprofil.

Analysen er gjennomført basert på forventningane i ESRS og danner grunnlaget for kva berekraftstema som er vurderte som vesentlege for verksemda. Dei identifiserte vesentlege påverknadene, risikoane og moglegheitene (IRO-ar) er oppsummerte i tabellen under, med tilhøyrande plassering i verdikjeda.

Vidare omtale av handtering av dei vesentlege IRO-ane er gitt i dei respektive tema kapitla (ESRS E1, S1, S4 og G1).

Tabell 1-1 Banken sine vesentlege IRO

ESRS-standard	IRO-navn	IRO-kategori	Stad i verdikjeda		
			Oppstraums	Eigen drift	Nedstraums
Klimaendringar (E1)	Finansierte utslipp i utlånsportefølje	Negativ påverknad			x
	Verdifall på pantobjekt grunna klimarisiko	Risiko			x
	Grøne produkt og finansiering	Moglegheit			x
	Mangelfull ESG-data, -kvalitet og -innsikt	Risiko		x	x
Eigne tilsette (S1)	Arbeidsforhold	Positiv påverknad	x	x	x
	Likebehandling og like moglegheiter for alle	Positiv påverknad		x	
	Kompetanseutvikling	Risiko Moglegheit		x	
	Vere ein god og stabil arbeidsgjevar	Påverknad		x	
Forbrukarar og sluttbrukarar (S4)	Ansvarleg marknadsføring og grønvaskingsrisiko	Positiv påverknad Risiko	x	x	
	Personvern	Risiko		x	
Forretningsadferd (G1)	Bedriftskultur	Positiv påverknad		x	
	Cyber- og datasikkerheit	Risiko		x	
	Førebygging økonomisk kriminalitet	Risiko Positiv påverknad			x
	Erstatningsansvar i svindelsaker	Risiko			x

IRO-1 Beskriving av prosessen for dobbel vesentlegheitsanalyse


SpareBank 1 Sogn og Fjordane har gjennomført ei dobbel vesentlegheitsanalyse for å identifisere og vurdere vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter knytt til berekraft i banken si verdikjeda. Analysen er gjennomført basert på prinsippet om dobbel vesentlegheit i ESRS, der både vesentleg påverknad på menneske, miljø og samfunn, og finansiell vesentlegheit for banken, er vurderte.

Den doble vesentlegheitsanalysen skil mellom to hovudperspektiv:

- (i) finansiell vesentlegheit, som tek utgangspunkt i korleis berekraftsforhold kan påverke banken sin finansielle stilling, resultat og risikoprofil (utanfrå–inn), og
- (ii) vesentleg påverknad, som tek utgangspunkt i korleis banken sine aktivitetar og forretningsforbindelsar påverkar menneske, miljø og samfunn (innanfrå–ut).

Figuren under illustrerer denne tankegangen og viser korleis dei to perspektiva inngår som likeverdige delar av vurderingsgrunnlaget i analysen.

Figur 1-5 Illustrasjon av skiljet mellom finansiell vesentlegheit og vesentleg påverknad



Prosesen for den doble vesentlegheitsanalysen er gjennomført i fire hovudsteg. Stega omfattar kartlegging av verdikjede og interessentar, identifisering av relevante påverknader, risikoar og moglegheiter, vurdering og prioritering av desse, og validering og forankring av dei vesentlege tema i leiing og styre. Dei følgjande avsnitta skildrar kvart steg i prosessen nærare.

Steg 1: Kartlegging av omfang, verdikjede og interessentar

Første steg i den doble vesentlegheitsanalysen har vore å fastsetje omfanget for analysen og skaffe ei heilskapleg forståing av banken si verdikjede og dei viktigaste interessentane. Formålet med dette steget har vore å etablere eit felles og strukturert utgangspunkt for vidare identifisering og vurdering av påverknader, risikoar og moglegheiter.

Utgangspunktet for kartlegginga er SpareBank 1 Sogn og Fjordane si forretningsmodell, der banken si primære verdiskaping skjer gjennom å hente inn kapital og kanalisere denne vidare til personpersonar og verksemder gjennom utlån og finansiering. På bakgrunn av dette er det lagt særleg vekt på aktivitetar knytte til utlånsverksemda, kundedialog, risikostyring og tilhøyrande støttefunksjonar i vurderinga av verdikjeda.

Verdikjeda er kartlagt i tre hovudledd:

- Oppstrams, som omfattar mellom anna kapitalmarknad, innskot, leverandørar, IT-tenester og fellestenester i SpareBank 1-alliansen
- Eigne aktivitetar, som omfattar banken si kjerneverksemd, egne tilsette, rådgjeving, kredittprosessar, produktutvikling og administrasjon
- Nedstrams, som omfattar person- og bedriftskundar, finansierte aktivitetar, egne investeringar og samhandling med stiftingar og felleskontrollerte verksemder

Parallelt med kartlegging av verdikjeda er sentrale interessentar identifiserte. Interessentar er definerte som aktørar som anten påverkar, eller blir påverka av, banken sine aktivitetar. I analysen er det skilt mellom interessentar som er påverka og brukarar av berekraftsinformasjon. Følgjande hovudgrupper har vore sentrale i arbeidet:

- tilsette og tillitsvalde
- personkundar og bedriftskundar
- intern fagekspertise i banken
- eigarar og representantar for eigarinteresser
- leverandørar og samarbeidspartnarar

Innsikt frå interessentdialog, mellom anna gjennom spørjeundersøkingar, interne workshopar og dialog med utvalde eksterne aktørar, er nytta for å forstå forventningar, opplevde påverknader og risikobilete. Denne innsikta har vore eit viktig grunnlag for vidare identifisering av relevante berekraftstema.

Som del av dette steget er det òg gjort nødvendige avgrensingar. Sjølv om banken har påverknader, risikoar og moglegheiter knytt til dei fleste berekraftstema, har analysen prioritert dei områda der banken vurderer å ha størst påverknad på samfunn og miljø, eller der berekraftsforhold kan ha størst finansiell betydning for banken. Desse avgrensingane har vore avgjerande for å sikre ein målretta, relevant og handterbar analyse vidare i prosessen.

Steg 2: Identifisering av påverknader, risikoar og moglegheiter (IRO)

I steg 2 har banken identifisert moglege påverknader, risikoar og moglegheiter (IRO-ar) knytt til berekraft, basert på kartlegginga av verdikjede, interessentar og forretningsmodell i steg 1. Formålet med dette steget har vore å sikre ei brei og systematisk identifisering av relevante berekraftstema, før vidare vurdering og prioritering.

Identifiseringa har teke utgangspunkt i strukturen i ESRS 1, med tilhøyrande berekraftstema, undertema og under-undertema, supplert med selskapsspesifikke forhold som er vurderte som relevante for SpareBank 1 Sogn og Fjordane. Arbeidet har vore gjennomført på tvers av fagmiljø i banken for å sikre breidde i vurderingane og redusere risikoen for at vesentlege tema ikkje blir fanga opp.

Følgjande hovudkjelder har vore nytta i identifiseringsfasen:

- innsikt frå interessentdialog med kundar, tilsette, eigarar og leverandørar
- vurderingar frå interne fagmiljø innan kreditt, risikostyring, etterleving, berekraft, HR, IT og forretningsutvikling
- gjennomgang av relevante krav og forventningar i ESRS, CSRD og anna relevant regelverk
- bruk av eksterne referanserammer, mellom anna Sustainability Accounting Standards Board (SASB), for å identifisere bransjerelevante berekraftstema
- overordna analyse av konkurrentar, marknadsutvikling og mediebilete

I identifiseringa er det vurdert korleis banken kan:

- påverke miljø, samfunn og menneske gjennom eigne aktivitetar eller finansierte aktivitetar
- vere eksponert for risiko der berekraftsforhold kan påverke inntening, verdiar, soliditet eller omdømme
- ha moglegheiter knytt til utvikling av nye produkt, tenester, løysingar eller forretningsmodellar som støttar berekraftig utvikling

Identifiseringa har omfatta både direkte og indirekte forhold, og IRO-ar er vurderte på tvers av verdikjeda – oppstraums, eigne aktivitetar og nedstraums. For finansierte aktivitetar har det vore lagt særleg vekt på utlånsporteføljen, pant i eigedom og kundesegment der banken har stor marknadsdel og påverknad.

Resultatet av dette steget er ei bruttoliste over potensielle påverknader, risikoar og moglegheiter innanfor miljømessige, sosiale og verksemdsstyringsrelaterte forhold. Denne lista har danna grunnlaget for den vidare vurderinga av alvorsgrad, sannsyn og finansiell betydning i steg 3.

Steg 3: Vurdering av vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter

I steg 3 er dei identifiserte påverknadene, risikoane og moglegheitene (IRO-ane) vurderte for å fastsetje kva som er vesentleg etter prinsippet om dobbel vesentlegheit. Vurderingane er gjennomførte separat for påverknad på miljø og samfunn og for finansiell risiko og moglegheit for banken.

Vesentleg påverknad er vurdert ut frå alvorlegheitsgrad og sannsyn for at påverknaden kan inntreffe. Alvorlegheitsgraden er vurdert basert på omfang, kor alvorleg påverknaden er for menneske, miljø eller samfunn, og i kva grad påverknaden kan rettast opp. Der det har vore relevant, er vurderingane supplerte med tilgjengelege data og fagleg skjønn.

Finansiell vesentlegheit er vurdert ut frå sannsynet for at berekraftsforhold kan påverke banken si finansielle stilling, resultat eller risikoprofil, og storleiken på ein potensiell økonomisk effekt. Vurderingane omfattar kort, mellomlang og lang tidshorisont, i tråd med banken sine etablerte tidsperspektiv for risikostyring.

Vurderingane er gjennomførte med støtte i interne fagmiljø, innsikt frå interessentdialogen og relevant eksternt kunnskap der dette har vore tilgjengeleg. Resultatet av steg 3 er ei rangering av IRO-ane som grunnlag for vidare aggregering og endeleg fastsetjing av vesentlege berekraftstema i steg 4.

Steg 4: Validering og forankring av vesentlege tema

I Steg 4 er resultatane frå den doble vesentlegheitsanalysen validerte og forankra i banken si leiing og styrande organ. Formålet med steget er å sikre at dei identifiserte vesentlege påverknadene, risikoane og moglegheitene er relevante, robuste og eigna som grunnlag for vidare rapportering og styring.

Resultata frå Steg 1–3 er først kvalitetssikra i relevante fagmiljø i banken. Deretter er dei vurderte opp mot banken sin forretningsmodell, risikoprofil og strategiske prioriteringar. Dei vesentlege IRO-ane er vidare presenterte for leiinga og styret, som har vurdert og stadfesta kva berekraftstema som skal reknast som vesentlege for SpareBank 1 Sogn og Fjordane.

Steg 4 sikrar dermed at den doble vesentlegheitsanalysen er forankra på øvste nivå i verksemda, og at resultatane legg premissane for innhald, avgrensing og prioriteringar i berekraftsrapporteringa etter ESRS.



Klimaendringar (ESRS E1)

SpareBank 1 Sogn og Fjordane er ein regional finansaktør med hovudverksemd i Sogn og Fjordane, ein region som allereie opplever tydelege konsekvensar av klimaendringar gjennom endra temperatur- og nedbørsmønster. Klimaet i Norge har endra seg vesentleg dei siste tiåra, med auka gjennomsnittstemperatur og meir intens nedbør, særleg på Vestlandet. Dette bidreg til auka risiko for flaum, skred og andre former for ekstremvêr i banken sitt marknadsområde.

Klimaendringar påverkar både naturmiljø og samfunnsøkonomi, og har direkte og indirekte betydning for banken gjennom påverknad på kundar, eigarar og verdiar. Samstundes skaper omstillinga til eit lågutsleppssamfunn nye moglegheiter for verdiskaping og utvikling av finansielle tenester.

Dette kapitlet skildrar korleis SpareBank 1 Sogn og Fjordane identifiserer, vurderer og handterer klimarelaterte risikoar og moglegheiter i eigen verksemd.

Strategi

Som lokalbank erkjenner SpareBank 1 Sogn og Fjordane både eigen påverknad på klimaet og sårbarheita for klimarelaterte risikoar. Banken har difor etablert ein klimaovergangsplan som er vedtatt av styret og som legg grunnlaget for omstillinga mot eit lågutsleppssamfunn.

Det overordna målet er netto null utslepp av klimagassar innan 2050, for både eiga drift og utlånsporteføljen. Målet er i tråd med Parisavtalen og nasjonale føringar. Klimaovergangsplanen inneheld bransjespesifikke og vitkapsbaserte utsleppsmål basert på Science Based Targets-rammeverket (SBTi), med definerte delmål og milepælar fram mot 2030. Det er særleg lagt vekt på sektorar med høge utslepp og betydeleg omstillingsbehov.

Planen er ein integrert del av banken sin hovudstrategi og skal bidra til å forstå forretningsmessige implikasjonar av omstillinga, samt identifisere risikoar og moglegheiter knytt til klimaendringar.

Lenke til klimaovergangsplan:

<https://www.sparebank1.no/nn/sogn-fjordane/om-oss/berekraft/klimaovergangsplan.html>

Vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter og deira samspel med strategi og forretningsmodell (SBM-3)

I samband med den doble vesentlegheitsanalysen omtalt i ESRS 2 har SpareBank 1 Sogn og Fjordane identifisert fleire vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter knytt til klimaendringar, både i eiga verksemd og i verdikjeda. Analysen er gjennomført basert på krava i ESRS 2 og legg til grunn prinsippet om dobbel vesentlegheit, der både påverknad på klima og finansiell risiko og moglegheit for banken er vurdert. Basert på denne analysen er det identifisert eit avgrensa sett med vesentlege IRO'ar som er særleg relevante for banken sin forretningsmodell og risikoprofil. Desse er oppsummerte i tabell 2-1, som viser dei vesentlege IRO'ane knytt til klimaendringar og kvar i verdikjeda dei materialiserer seg.

Tabell 2-1 SpareBank 1 Sogn og Fjordane sine vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter (IRO) knytt til klimaendringar med tilhøyrande verdikjedeplassering.

IRO namn	IRO kategori	Stad i verdikjeda		
		Oppstraums	Eiga drift	Nedstraums
Finansierte utslepp i utlånsporteføljen	Negativ påverknad			x
Verdifall på pantobjekt grunna klimarisiko (stranded assets)	Risiko			x
Grøne produkt og finansiering	Moglegheit		x	x
Mangelfull ESG-data, -kvalitet og -innsikt	Risiko	x	x	x

Negativ påverknad

Banken erkjenner at verksemda kan medføre negativ påverknad på klimaet, både gjennom eiga drift og gjennom finansiering av aktivitetar som fører til utslepp av klimagassar. Den doble vesentlegheitsanalysen identifiserer finansierte utslepp som den mest vesentlege negative klimapåverknaden knytt til banken si verksemd. Denne påverknaden oppstår gjennom utlånsporteføljen, der finansiering av kundar og prosjekt bidreg til utslepp av klimagassar i verdikjeda.

Den negative påverknaden knytt til finansierte utslepp har konsekvensar for banken sin forretningsmodell og risikoprofil, mellom anna gjennom:

- **Fysisk klimarisiko:** Auka klimagassutslepp bidreg til klimaendringar som kan føre til meir ekstremvær og naturpåverknad, noko som igjen aukar risikoen for økonomisk aktivitet i banken sitt marknadsområde. Dette er særleg relevant for Sogn og Fjordane, der store delar av verdiskapinga er tett knytt til naturbaserte næringer og fysiske eigedelar.
- **Overgangsrisiko:** Utsleppsintensive delar av utlånsporteføljen kan bli påverka av skjerpa reguleringar, politiske verkemiddel og endra marknadspreferansar, til dømes gjennom auka CO₂-prising eller strengare krav til energieffektivitet.

Gjennom målretta arbeid for å redusere klimagassutslepp i finansieringa kan banken avgrense den negative klimapåverknaden, samstundes som robustheita i forretningsmodellen vert styrkt for både banken, kundane og lokalsamfunna banken opererer i.

Den negative klimapåverknaden knytt til finansierte utslepp blir overvaka og rapportert jamleg til konsernleiinga som del av oppfølginga av berekraftsstrategien og klimaovergangsplanen (sjå kapittel om finansierte utslepp).

Moglegheiter

Omstillinga til eit lågutsleppssamfunn skaper vesentlege forretningsmoglegheiter for banken som regional finansaktør. Moglegheitene ligg særleg i banken si rolle som kapitalformidlar og rådgjevar, der finansiering og kompetanse kan bidra til å akselerere omstillinga hjå kundar i både person- og bedriftsmarknaden.

Ein sentral føresetnad for å realisere desse moglegheitene er tilgang til relevante og pålitelege ESG-data. God kundeinnsikt gir banken eit betre grunnlag for å utvikle målretta produkt, vurdere omstillingsbehov og identifisere berekraftige investerings- og finansieringsløysingar tilpassa kundane sine behov.

I 2025 har banken, i samarbeid med SpareBank 1-alliansen, styrkt arbeidet med å operasjonalisere klimarelaterte moglegheiter gjennom:

- utvikling av produktrammeverk for berekraftig finansiering og overgangsfinansiering,
- vidareutvikling av rammeverk for grønne obligasjonar,
- iverksetjing av konkrete forretningsmessige tiltak for å fremje berekraftige løysingar i utlånsporteføljen.

Desse tiltaka skal bidra til auka verdiskaping, styrkt konkurransekraft og redusert klimarisiko over tid. Nærare omtale av gjennomførte og planlagde tiltak går fram av kapittel E1-3 Tiltak.

Risiko

I samsvar med ESRS E1 er hovudtyngda av klimarapporteringa retta mot banken si eksponering mot klimarisiko. Klimarisiko omfattar risiko for verdifall eller endringar i banken sine egedelar som følgje av klimaendringar og samfunnet sin respons på desse.

Banken skil mellom to hovudkategoriar klimarisiko:

- **Fysisk klimarisiko**, som omfattar både akutte og kroniske risikoar knytt til klimarelaterte hendingar som ekstremvêr, flaum, skred og stigande havnivå.
- **Overgangsrisiko**, som oppstår som følgje av politiske, regulatoriske, teknologiske og marknadsmessige endringar i overgangen til eit lågutsleppssamfunn, mellom anna gjennom skjerpa krav, ny teknologi og endra etterspurnad.

Klimarisiko er integrert i banken si overordna risikostyring og internkontroll. Dette inneber at klimarisiko skal identifiserast, vurderast, handterast, overvakast og rapporterast på lik linje med annan finansiell risiko, og inngår i relevante styrande dokument, prosessar og system.

Styret har fastsett ein låg risikoappetitt for berekraftsrisiko, inkludert klimarisiko. Risikoappetitten er operasjonalisert gjennom kvalitative og kvantitative måltal i banken sin berekraftsstrategi og klimaovergangsplan, og er vidare forankra i sentrale styrande dokument, mellom anna:

- **Berekraftsstrategi**, som fastset mål og prioriteringar for klimaarbeidet i person- og bedriftsmarknaden.
- **Klimaovergangsplan**, som beskriv mål, delmål og tiltak for reduksjon av utslepp frå eiga drift og finansiering på kort, mellomlang og lang sikt.
- **Kredittstrategi og kreditthandbok**, der klimarelaterte føringar, bransjespesifikke krav og tersklar for oppfølging av kundar med auka ESG-risiko er fastsette.
- **Retningslinjer for samfunnsansvar og berekraft i bedriftsmarknaden**, som stiller forventningar til kundar og legg ESG-vurderingar til grunn for kredittavgjersler.

Klimarisiko blir identifisert og vurdert gjennom fleire sentrale prosessar:

- **Dobbel vesentlegheitsanalyse**, som gir grunnlag for prioritering av vesentlege klimarelaterte påverknader, risikoar og moglegheiter.
- **Grønt obligasjonsrammeverk og finansstrategi**, der banken har som ambisjon å auke andelen grønne obligasjonar i takt med marknadsutviklinga.
- **ICAAP**, der klimarisiko inngår i vurderinga av samla risikoeksponering og framtidig kapitalbehov, basert på klimascenarior for relevante næringer, geografiske område og sikkerheitsporteføljen.
- **Porteføljestyling, løpande overvaking og rapportering**, der eksponering mot klimarisiko i pant i eigedomar og finansierte utslepp blir overvaka jamleg og rapportert til konsernleiinga.

E1-1 Omstillingsplan for avgrensing av klimaendringar

SpareBank 1 Sogn og Fjordane vedtok i 2021 eit overordna mål om netto null utslepp av klimagassar innan 2050, gjeldande for både eigen drift og utlånsporteføljen.

I 2024 vedtok styret banken sin første klimaovergangsplan. Planen operasjonaliserer netto null-målet og er eit sentralt strategisk verktøy for å forstå og handtere forretningsmessige konsekvensar av klimaendringar og omstillinga til eit lågutsleppssamfunn.

Klimaovergangsplanen er integrert i banken sin hovudstrategi og beskriv korleis banken skal arbeide systematisk med utsleppsreduksjon, risikohandtering og moglegheitsrealisering på kort, mellomlang og lang sikt. Planen omfattar både eiga drift og dei mest vesentlege delane av utlånsporteføljen, med særleg vekt på bransjar med høge utslepp og betydeleg omstillingsbehov.

Planen er utforma i tråd med Parisavtalen og byggjer på vitkapsbaserte mål der datagrunnlaget gir grunnlag for det. Dette er eit levande dokument som vil bli vidareutvikla i takt med betre datakvalitet, regulatoriske avklaringar og ny kunnskap.

Klimaovergangsplanen er offentleg tilgjengeleg på banken si nettside:

<https://www.sparebank1.no/nn/sogn-fjordane/om-oss/berekraft/klimaovergangsplan.html>

Banken sin robustheit mot klimaendringar

I den årlege vurderinga av banken si samla risikoeksponering og kapitalbehov (ICAAP) blir klimarisiko vurdert som ein integrert del av banken sitt risikobilete. Vurderinga omfattar både fysisk klimarisiko og overgangsrisiko, og ser på korleis desse kan påverke banken si finansielle stilling og drift over tid.

I 2024 gjennomførte banken ei overordna, kvalitativ scenarionalyse for å vurdere korleis identifiserte klimarisikoar kan påverke verksemda. Analysen tok utgangspunkt i scenario frå Network for Greening the Financial Systems (NGFS), der både eit lågutsleppsscenario (Net Zero 2050) og eit høgutsleppsscenario (Current Policies) vart lagt til grunn.

I 2025 har banken starta arbeidet med meir kvantitative vurderingar av klimarisiko, inkludert stress- og scenarionesting for bedriftsmarknadskundar. Arbeidet er gjennomført ved hjelp av SpareBank 1-alliansen si ESG-stress-testingsmodell, som analyserer utvikling i porteføljen fram mot 2050. Nærare omtale av modell og metodikk går fram av neste delkapittel.

Framskrivning av utlånstap IFRS9-modell

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har starta arbeidet med å integrere ESG-risiko i stresstesting innanfor IFRS 9-modellen for utrekning av forventa utlånstap. Arbeidet skjer i samarbeid med SpareBank 1-alliansen sitt Kompetansesenter for kredittmodellar (KFK).

Formålet er å identifisere kundar og bransjar som, under ulike klimarelaterte scenario, kan få auka sannsyn for mislighald og høgare forventa tap. Dette skal styrke banken sitt grunnlag for avgjersler i kredittvurderingar og gi betre innsikt i korleis klimarisiko kan påverke tapsavsetningane over tid.

Status og avgrensingar

Frå 11. januar 2026 trer EBA sine reviderte retningslinjer for handtering av ESG-risiko i kraft, som følgje av CRD6/CRR3. Retningslinjene stiller mellom anna krav om:

- årlege vesentlegheits- og scenarionalyser for ESG-risiko,
- integrering av ESG-risiko i risikostyring, kapital- og likviditetsvurderingar,
- framlegging av omstillingsplanar for handtering av ESG-risiko på kort, mellomlang og lang sikt.

Arbeidet banken har gjennomført i 2025 er i ein tidleg fase. Banken kan difor ikkje konkludere med faktiske effektar på forventa tap som følgje av ESG-risiko. Dette skuldast mellom anna at modellen pr. i dag ikkje inkluderer fysiske klimarisikoar fullt ut, og at datagrunnlaget for norske makroøkonomiske effektar er avgrensa.

Metodikk og scenario

Modellen byggjer på klimaforskning og scenario frå NGFS, som gir eit felles rammeverk for vurdering av klimarisiko i finanssektoren. Følgjande scenario er nytta:

- **Base case – «Dagens politiske retningslinjer»**
Vidareføring av gjeldande politikk utan nye klimatiltak. Scenarioet inneber høg fysisk klimarisiko, irreversible klimaendringar og forventningar om fall i eigedomsprisar. Forventa temperaturauke: 2,9 °C.
- **Best case – «Beste utfall»**
Lik base case, men utan fall i eigedomsprisar.
- **Worst case – «Fragmentert verden»**
Forsinka og ulik klimapolitikk mellom land. Land med netto null-mål når berre delar av forpliktingane sine, medan andre held fram med dagens politikk. Scenarioet gir både høg fysisk risiko og høg overgangsrisiko. Forventa temperaturauke: 2,3 °C.

Fysisk risiko i eigedomsporføljen

I tillegg til scenarionalyser på porteføljenivå nyttar banken kartbaserte data for fysisk klimarisiko knytt til eigedomar som er stilte som sikkerheit for utlån i både person- og bedriftsmarknaden. Dataene blir brukte til å analysere geografisk konsentrasjon av panteigedomar med auka fysisk risiko.

Analysane gir indikasjonar på samla eksponering mot eigedomar som over tid kan få høgare sannsyn for betydeleg verdifall som følgje av klimarelaterte hendingar. Datagrunnlaget er eit sentralt verktøy i porteføljestyringa, og blir nytta både i løpande overvaking og i kredittprosessar.

For enkelte utlånsprodukt i bedriftsmarknaden er det etablert eksklusjonskriterium og særskilde krav for eiedomar med flagg for auka fysisk klimarisiko. I tillegg blir data nytta til å vurdere potensielle økonomiske konsekvensar av naturskade på banken sine sikkerheiter.

Overgangsrisiko i eiedomsporteføljen

For å nå både interne klimamål og EU sine mål for utsleppsreduksjon fram mot 2030 og 2050, vil bustader og næringsbygg i Sogn og Fjordane – og i Norge generelt – ha behov for omfattande oppgraderingar i åra som kjem.

Banken nyttar data frå Eiendomsverdi for å analysere kor stor del av eiedomsporteføljen som har gyldig energimerking, og korleis panteigedomane fordeler seg på dei ulike energimerkeklassane. Der offisielle energimerke ikkje ligg føre, blir estimerte energimerke nytta for bustader for å supplere vurderingane av samla overgangsrisiko.

Vidare er det etablert årlege måltal for energimerking i berekraftsstrategien og kredittstrategien. Desse skal bidra til å overvake utviklinga i porteføljen og sikre at banken beveger seg i retning av sitt langsiktige mål om netto null utslepp.

Overgangsrisiko i anna sikkerheit

Banken gjennomfører òg analysar av konsentrasjon av utlån og tilhøyrande sikkerheiter på objekt- og bransjenivå. Føremålet er å identifisere kundar og bransjar som kan vere særleg utsette for overgangsrisiko, og som samstundes utgjør ein vesentleg del av banken sine samla eignedelar.

Handtering av påverknad, risiko og moglegheiter

IRO-1 Beskrivelse av prosessene for å identifisere og vurdere vesentlege klimarelaterte påverknader, risiko og moglegheiter

SpareBank 1 Sogn og Fjordane identifiserer og vurderer vesentlege klimarelaterte påverknader, risikoar og moglegheiter (IRO-ar) som ein integrert del av banken sitt overordna arbeid med risikostyring, strategi og berekraft. Prosessen tek utgangspunkt i banken si doble vesentlegheitsanalyse, som er gjennomført basert på krava i ESRS 2 og nærare omtalt i innleiingskapittelet til berekraftsrapporten.

For klimaområdet (ESRS E1) byggjer vurderingane på ein kombinasjon av kvalitative og kvantitative analysar, der både påverknad på klimaet (impact) og finansielle risikoar og moglegheiter for banken blir vurderte. Analysane omfattar heile verdikjeda og tek omsyn til både eiga drift og banken si rolle som finansaktør gjennom utlån- og investeringsverksemda.

Identifisering av klimarelaterte IRO-ar skjer gjennom:

- analyse av banken sine vesentlege eksponeringar i utlånsporteføljen, særleg innan eiedom og utvalde næringer
- bruk av ESG-data og ESG-modellar på kundnivå i bedriftsmarknaden
- kartbaserte data for fysisk klimarisiko knytt til panteigedomar
- vurderingar av regulatoriske, marknadsmessige og teknologiske utviklingstrekk knytt til klimaomstilling

Vurderinga av vesentlegheit tek omsyn til både sannsyn og konsekvens, og blir gjennomført i samarbeid mellom relevante fagmiljø i banken, mellom anna innan berekraft, risikostyring, kreditt og forretningsområda. Resultata frå analysane blir kvalitetssikra, forankra og vedtatt i banken sitt styre.

Dei identifiserte vesentlege klimarelaterte IRO-ane dannar grunnlag for banken sine strategiske prioriteringar, utforming av mål og tiltak i berekraftsstrategi og klimaovergangsplan, samt for vidare arbeid med risikostyring, porteføljestyling og rapportering. Prosessen blir oppdatert årleg, og ved vesentlege endringar i banken sitt risikobilette eller i eksterne rammevilkår.

E1-2 Policyar for begrensning av og tilpasning til klimaendringar

Styringsdokument

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har etablert fleire overordna og operative styringsdokument som skal sikre systematisk handtering av vesentlege klimarelaterte påverknader, risikoar og moglegheiter. Desse dokumenta gir føringar for banken si strategiske retning, risikostyring og forretningspraksis i møte med klimaendringar, og er forankra i styret og konsernleiinga.

Berekraftsstrategien og klimaovergangsplanen utgjer dei overordna rammeverka for banken sitt klimaarbeid, medan operative policyar og rammeverk innan kreditt, finansiering og funding operasjonaliserer desse føringane i den daglege verksemda. Samla dekkjer styringsdokumenta heile verdikjeda og adresserer dei vesentlege IRO-ane knytt til klimaendringar som er identifiserte gjennom den doble vesentlegheitsanalysa.

Tabell 2-2 Sentrale styringsdokument knytt til vesentlege klimarelaterte IRO-ar

Styringsdokument	Føremål / relevans for klima	Vesentlege IRO-ar adressert	Operasjonelt ansvar	Vedtek dokument
Hovedstrategi (intern)	Fastset overordna retning	Alle	Konsernleiinga	Styret
Berekraftsstrategi 2025–2026 (offentleg)	Definerer klimamål, delmål og prioriteringer, viser til klimaovergangsplan	Påverknad, risiko, moglegheit	Direktør bedriftsmarknad/Direktør personmarknad	Styret
Klimaovergangsplan (offentleg)	Konkretiserer mål og tiltak for utsleppsreduksjon i scope 1, 2 og 3	Påverknad, overgangsrisiko	Konsernleiinga	Styret
Policy for samfunnsansvar og berekraft i BM (offentleg)	Fastset krav og forventningar til kundar og bransjar	Risiko, påverknad	Kredittsjef	Kredittutval
Kredittstrategi (intern)	Operasjonaliserer klimarelaterte føringar i kredittarbeidet	Risiko	Kredittsjef	Styret
Grønt obligasjonsrammeverk (offentleg)	Definerer kriterium for grønne prosjekt og funding	Moglegheit	Finanssjef	CFO
Rammeverk for berekraftig finansiering (offentleg)	Kriterium for grøn finansiering av bedriftskundar	Moglegheit	Direktør bedriftsmarknad	Kredittutval
Rammeverk for overgangsfinansiering (offentleg)	Kriterium for finansiering av omstilling i eigedom og landbruk	Overgangsrisiko, moglegheit	Direktør bedriftsmarknad	Kredittutval

E1-3 Tiltak og ressursar i samband med strategiar for klimaendringar

Banken har sett i verk tiltak for å (i) redusere klimagassutslepp i eiga drift og i finansieringsverksemda, og (ii) styrkje evna til å handtere fysisk klimarisiko og overgangsrisiko i porteføljen. Tiltaka er kopla til dei vesentlege IRO-ane identifiserte i den doble vesentlegheitsanalysa, og er gruppert i tre hovudområde: kompetanse, grøn finansiering og ESG-data og rapportering.

Kompetanse

Kompetanseheving er ei føresetnad for å integrere klimarelaterte vurderingar i rådgjeving, kredittprosessar og porteføljestyling. Banken arbeider både med intern opplæring og med å styrkje kundane si forståing av energimerking, energieffektivisering og omstilling, gjennom eigne kanalar og rådgjevingssituasjonar.

Tabell 2-3 Sentrale tiltak – kompetanse

Tiltak	Tids-horisont	Status/utfall
1-til-1-møte med kundeansvarlege BM for å drøfte utsleppsreduksjon i kundeportefølje og kompetansebehov	2025–2026	10 av 21 rådgjevarar har gjennomført. Har ført til fleire kundemøte med berekraft som tema.
Kompetanseheving PM – informasjon om energimerking/energieffektivisering i digitale kanalar	2025	Forbetra innhald på nettsider og i mobil-/nettbank. Kompetansmateriale publisert i samband med Norgespris hausten 2025.
Opplæring i ESG-modell for rådgjevarar BM (med bransjefokus)	2025	Gjennomført opplæring, særleg innan landbruk og transport.
Bidrag til kompetanse i regionen (StudieHub – Fjordane Studiesenter)	2025	Støtte og fagleg bidrag til utvikling av fleksible studietilbod innan berekraft og innovasjon.
Bidrag til felles opplæringsmateriell i SpareBank 1-alliansen	2025	Materiell knytt til landbruk og nye rammeverk for berekraftig finansiering og overgangsfinansiering.

Grøn finansiering

Grøn finansiering og overgangsfinansiering er eit sentralt verkemiddel for å støtte utsleppsreduksjon og energieffektivisering hos kundane, og for å redusere banken si eksponering mot overgangsrisiko over tid. Banken arbeider med rammeverk, produkt og rådgjeving som gjer det enklare for kundane å gjennomføre dokumenterbare omstillingstiltak.

Tabell 2-4 Sentrale tiltak – grøn finansiering

Tiltak	Tidshorisont	Status/utfall (2025)
Oppdatert grønt obligasjonsrammeverk	2025	Rammeverket er oppdatert i tråd med prinsipp for grøn funding og interne klimamål.
Produktrammeverk for berekraftig finansiering (BM) – i SpareBank 1-alliansen	2025	Etablerer kriterium for grøn finansiering og gir felles struktur for produkt og dokumentasjon.
Produktrammeverk for overgangsfinansiering (landbruk og næringsseigedom) – i SpareBank 1-alliansen	2025	Etablerer kriterium for finansiering av omstillingstiltak, inkl. dokumentasjonskrav og målretta oppfølging.
Auka fokus på energimerking i bustad- og næringsseigedom-porteføljen	2025	Kvartalsvis oppfølging og rapportering internt; styrkjer datagrunnlag for risiko, mål og utsleppsutrekningar.
Marknads- og kundetiltak for å ta rammeverka i bruk (case, møte, næringsamlingar)	2025	Kundecase publisert og brukt i kommunikasjon; fleire kundemøte med grøn finansiering som tema. Eigne samlingar for landbruk i samarbeid med lokale aktørar.

ESG-data og rapportering

Banken har i 2025 prioritert innhenting, kvalitetssikring og systematisering av ESG-data for å styrke innsikt i klimarisiko, utslipp og omstillingsbehov. Dette gir eit betre grunnlag for porteføljestyring, rapportering og målretta tiltak.

Tabell 2-5 Sentrale tiltak – ESG-data og rapportering

Tiltak	Tidshorisont	Status/utfall (2025)
ESG-modell for BM-kundar > 3 mill. kr (inkl. SMB-tilpassing)	2024– (løpande)	Brukt i kredittprosess og porteføljeinnsikt. SMB-tilpassing innført i 2025 for betre relevans og treffsikkerheit.
Dataleveransar og ESG-dashbord for porteføljestyring	2024– (løpande)	Styrkt datagrunnlag (fysisk risiko og overgangsrisiko). Dashbord legg til rette for kvartalsvis oppfølging av trendar.
Metodeforbetring i klimarekneskap – oppdaterte utslppsfaktorar for finansierte utslipp	2025	Implementert i klimarekneskap 2025 (kategori 15).
Automatisering av utrekning av finansierte utslipp (PCAF-dataleveransar)	2025–2026	Internt prosjekt etablert. Mål: kvartalsvis oppfølging av utvikling og trendar.
Pilot i alliansen: omstillingsplan for fiskeri (EBA GL 2025/01 og CSRD)	2025	Deltaking i pilot. Sluttrapport leverast til bankane i 1. kvartal 2026.

Planlagde tiltak framover

I 2026 vil banken vidareføre og forsterke tiltaka over, og særleg prioritere:

- revidering av klimaovergangsplanen i tråd med EBA GL 2025/01 og ESRS E1, inkludert nærare konkretisering av verkemiddel og revidering av målbanner for bustad, næringsseigedom og fiskeri
- vidare auke i omfang og bruk av grøn finansiering og overgangsfinansiering, inkludert tettare kundedialog og oppfølging av dokumentasjonskrav
- forbetring av arbeid med klimarisiko i PM/bustadporteføljen, særleg knytt til identifisering og oppfølging av objekt med auka fysisk klimarisiko og overgangsrisiko



Måleindikatorar og mål

Banken sine overordna klimamål og omstillingsambisjonar er omtala under E1-1 Omstillingsplan for avgrensing av klimaendringar.

Dette kapittelet gir ei oversikt over dei sentrale måleindikatorane og måltala banken nyttar for å følgje opp desse ambisjonane, inkludert status for måloppnåing og tilhøyrande tiltak. Måltala er fastsette i klimaovergangsplanen og berekraftsstrategien for perioden 2025–2026.

E1-4 Mål knytt til avgrensing av og tilpassing til klimaendringar

Måltal klimaovergangsplan

Tabell 2-6 Klimarelaterte mål i klimaovergangsplan

Mål	Omfang	Definisjon / metode	Tidshorisont	Status 2025	Avgrensingar
Netto nullutslepp innan 2050	Eiga drift og utlånsportefølje	Utslepp i tråd med Parisavtalen sitt 1,5-gradersmål. Målt mot målbaner i klimaovergangsplanen.	Lang sikt (2050)	~4 % reduksjon i finansierte utslepp	Avgrensa datatilgang, endringar i PCAF-faktorar
Årleg reduksjon i finansierte utslepp	Utlånsportefølje	Gjennomsnittleg årleg reduksjon i utslepp	Fram til 2030	2,5 % årleg mål	Krev vidare utvikling av klimarekneskap
Oppnåing av definerte målbaner	Utlånsportefølje og drift	Bransjespesifikke målbaner	Mellom–lang sikt	Under utvikling	Datakvalitet varierer mellom bransjar

Tiltak knytt til måla:

- Forbetre datagrunnlag for klimarekneskap
- Utvide målbanar til fleire bransjar
- Revidere klimaovergangsplan i 2026 i tråd med CRD6 og EBA GL 2025/01

Måltal berekraftsstrategi 2025–2026

Tabell 2-7 Operative klimarelaterte måltal i berekraftsstrategien

Mål	Definisjon	Kortsiktig mål (1 år)	Status 2025	Mellomlang sikt	Tiltak
Andel grøn nærings-eigedom	Utlån i tråd med rammeverk for berekraftig finansiering	30 %	23,1 %	Vidareføring 2026	Auka energimerking, grøn finansiering
Andel taksonomi-grøne bustadar	Bustader i tråd med EU-taksonomien	20 %	18,9 %	25 % i 2026	Datakvalitet, kunderettleing
Andel energi-merkte eigedomar	Gyldig energimerke frå Enova/Eiendomsverdi	50 %	46,4 % bustadar/ 22,5 % næring (1)	Revidering i 2026	Kompetanseheving, kundedialog
Volum grønt bedriftslån	Grøne og overgangs-finansierte BM-lån	300 mill. kr	143 mill. kr (2)	500 mill. kr i 2026	Produktrammeverk, rådgjeving
Volum miljølån PM	Energiretta tiltak og oppgraderingar	100 mill. kr	1,5 mill. kr (3)	100 mill. kr i 2026	Produktutvikling, kundekommunikasjon

Fotnotar til tabell 2–7:

- (1) Måлтаlet for energimerking vil bli revidert i 2026. Eiendomsverdi nytta i delar av 2025 ein metode som midlertidig auka i talet på registrerte energimerke for næringsbygg. Metoden viste seg å gi feil for seksjonerte bygg og blei derfor avvika i Q4 2025.
- (2) Rapportert volum omfattar utbetalt finansiering pr. 31.12.25. Banken har godkjende kredittsaker for grønne bedriftslån som ventar utbetaling i 2026, og samla godkjent volum overstig målet på 300 mill. kr.
- (3) Etterspurnaden etter miljølån har vore låg i perioden. Utvikling i straumprisar og innføring av Norgespris har redusert den økonomiske lønsemda i energiretta tiltak, noko som har dempa investeringsviljen blant kundar.

E1-5 Energiforbruk og energimiks

Banken sitt energiforbruk knytt til eiga drift er avgrensa til aktivitetar under banken sin operative kontroll og omfattar forbruk av drivstoff, elektrisitet og fjernvarme. Samla energiforbruk, fordelt på energikjelder, går fram av tabell 2–8.

Fordelinga av elektrisitetsforbruket er basert på marknadsbasert metode, i tråd med gjeldande rapporteringspraksis. For fjernvarme er energikjeldefordelinga berekna basert på tilgjengeleg informasjon om energimiks i leverandørane sine fjernvarmenett.

Det samla energiforbruket i eigen drift har vore relativt stabilt frå 2024 til 2025, med mindre endringar i forbruk av drivstoff og elektrisitet.

Tabell 2-8 Banken sitt energiforbruk i 2025 og 2024, fordelt på energikjelder (MWh)

Energikjelde	2025	2024	Endring (prosent)
Diesel	13,3	12,4	+ 7,3
Bensin	9,5	11,0	– 13,6
Elektrisitet	834,2	830,6	+ 0,4
Fjernvarme	329,4	329,0	+ 0,1
Sum energiforbruk	1 186	1 183	+ 0,3

E1-6 Brutto klimagassutslepp innanfor scope 1, 2, 3 og samla klimagassutslepp

SpareBank 1 Sogn og Fjordane sitt klimarekneskap for 2025 er utarbeidd i samsvar med GHG-protokollen og gir ei samla oversikt over banken sine klimagassutslepp fordelt på scope 1, 2 og 3.

Følgjande juridiske einingar er inkluderte i klimarekneskapet:

- SpareBank 1 Sogn og Fjordane AS
- Bankeigedom Sogn og Fjordane AS
- Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS

Klimarekneskapen omfattar både driftsrelaterte utslepp og indirekte utslepp i verdikjeda, og er basert på ein kombinasjon av aktivitetsbaserte og kostnadsbaserte data. Cemasys AS har bistått banken med utrekning og kvalitetssikring av klimarekneskapet.

Metodeval og datagrunnlag er vurderte i lys av krava til datakvalitet, fullstendigheit og konsistens etter GHG-protokollen. Nærare omtale av metodikk, avgrensingar og føresetnader går fram av energi- og klimarekneskapen for 2025 som kan lesast her:

<https://www.sparebank1.no/nn/sogn-fjordane/om-oss/berekraft/berekraftsdokument.html>

Forklaring av klimarekneskapet

Klimarekneskapen er strukturert i tre overordna utsleppskategoriar i tråd med GHG-protokollen: scope 1, scope 2 og scope 3.

Scope 1 – direkte utslepp

Scope 1 omfattar direkte klimagassutslepp frå kjelder som SpareBank 1 Sogn og Fjordane eig eller har operasjonell kontroll over. For banken gjeld dette utslepp frå firmabilar, og utrekningane er baserte på aktivitetsdata knytt til faktisk forbruk av drivstoff.

Scope 2 – indirekte utslepp frå innkjøpt energi

Scope 2 omfattar indirekte utslepp frå produksjon av elektrisitet, oppvarming og nedkjøling som banken kjøper for drift av eigne kontor og eigedomar. Utsleppa stammar frå forbruk av straum og fjernvarme, og er i hovudsak berekna basert på aktivitetsdata målt i kWh.

Scope 3 – andre indirekte utslepp i verdikjeda

Scope 3 omfattar andre indirekte klimagassutslepp i banken si verdikjeda, både oppstraums og nedstraums. Scope 3 er delt inn i 15 kategoriar etter GHG-protokollen. SpareBank 1 Sogn og Fjordane rapporterer utslepp i dei kategoriane som er vurderte som vesentlege og relevante for banken si verksemd.

Dei rapporterte utsleppa omfattar mellom anna innkjøpte varer og tenester, tilsette sine tenestereiser og banken sine finansierte utslepp. Oversikt over inkluderte og ekskluderte scope 3-kategoriar går fram av tabell 2-9.

Utrekning av scope 3-utslepp skjer med ulike metodikk avhengig av utsleppskategori og datatilgjenge. For oppstraums kategoriar (kategori 1-8) vert det nytta ein kombinasjon av aktivitetsbaserte og kostnadsbaserte data. For nedstraums kategoriar (kategori 9-15) er metodikk og datagrunnlag tilpassa tilgjengeleg informasjon.

Tabell 2-9 Oversikt over inkluderte og ekskluderte scope 3-kategoriar

Scope 3-kategori	Inkl./ekskl.	Kommentar
1. Kjøpte varer og tenester	Inkludert	Basert på kostnader banken har tilknytta kjøp av varer og tenester
2. Kapitalvarer	Inkludert	Basert på investeringar, t.d. kjøp av kontormøblar
3. Drivstoff- og energirelaterte aktivitetar (ikkje inkludert i Scope 1 og 2)	Inkludert	Basert på utslepp knytt til drivstoff- og energiforbruk som ikkje vert rapportert i Scope 1 og Scope 2
4. Oppstraums transport og distribusjon	Inkludert	Basert på kostnader som banken har knytt til porto/frakt
5. Avfall generert frå drift	Inkludert	Basert på fysiske data og kostnader banken har knytt til avfallshandtering
6. Tenestereiser	Inkludert	Basert på fysiske data knytt til banken sin reiseverksemd
7. Tilsettependling	Inkludert	Basert på undersøking om tilsette sin pendling til og frå arbeid
8. Oppstraums leigde eigedelar	Ekskludert	Banken leiger noko kontorlokale, men ikkje vurdert som vesentleg del av banken sitt utslepp
9. Nedstraums transport og distribusjon	Ekskludert	Banken nyttar i svært avgrensa grad transport i samband med sal av våre produkt
10. Prosessering av selde produkt	Ekskludert	Banken utløyser ikkje prosesseringsutslepp då banken ikkje sel fysiske produkt, men er ein tenestetilbydar
11. Bruk av selde produkt	Ekskludert	Banken utløyser ikkje utslepp knytt til bruk av banken sine tenester då banken ikkje tilbyr fysiske produkt, men er ein tenesteleverandør
12. Sluttbehandling av selde produkt	Ekskludert	Banken sel ikkje produkt som må avfallsbehandlast
13. Nedstraums leasa eigedelar	Ekskludert	Utslepp basert på objektnivå for motoriserte køyretøy, det føreligg ingen metodikk for å berekne utslepp frå andre leasa eigedelar
14. Franchises	Ekskludert	Banken driv ikkje med franchise-verksemd
15. Investeringar	Inkludert	Utslepp banken medverkar til gjennom sin utlånsaktivitet

Tabell 2–10 viser banken sitt klimarekneskap for 2025. Tabellen gir ei samla oversikt over banken sine brutto klimagassutslepp fordelt på scope 1, scope 2 og vesentlege scope 3-kategoriar, samt samla utslepp.

Tala er viste retrospektivt med samanlikning mot basisåret 2024. For scope 2 blir både lokasjonsbasert og marknadsbasert metode rapportert, i tråd med GHG-protokollen.

Tabell 2-10 Klimarekneskap for SpareBank 1 Sogn og Fjordane (tonn CO₂-ekv)

	Retrospektivt		
	2024	2025	Endring
Klimagassutslepp innanfor scope 1			
Brutto klimagassutslepp innanfor scope 1 (tCO ₂ -ekv.)	6	6	7 %
Klimagassutslepp innanfor scope 2			
Brutto lokasjonsbaserte klimagassutslepp innanfor scope 2 (tCO ₂ -ekv.)	23	16	– 31 %
Brutto marknadsbaserte klimagassutslepp innanfor scope 2 (tCO ₂ -ekv.)	1	145	20657 % (1)
Vesentlege klimagassutslepp innanfor scope 3			
1 Innkjøpte varer og tenester	22	12	– 47 %
2 Kapitalvarer	277	338	22 %
3 Drivstoff og energirelaterte aktivitetar	6	7	15 %
4 Oppstraums transport og distribusjon	19	12	– 34 %
5 Avfall generert frå drift	0	21	21000 % (2)
6 Tenestereiser	61	59	– 4 %
7 Tilsettependling	169	96	– 43 %
15 Investeringar	126.607	120.939	– 4 %
Samla klimagassutslepp			
Samla klimagassutslepp (lokasjonsbasert)(tCO₂-ekv.)	127.021	121.505	– 4 %
Samla klimagassutslepp (marknadsbasert)(tCO₂-ekv.)	127.167	121.635	– 4 %

Fotnotar til klimarekneskapet, tabell 2–10:

- (1) Den store auken i marknadsbaserte utslepp i scope 2 skuldast endringar i samansetjing av straumavtalar og tilgjenge på opphavsgarantiar i rapporteringsåret, og reflekterer ikkje ein tilsvarende auke i faktisk energiforbruk.
- (2) Den store prosentvise auken i utslepp knytt til avfall generert frå drifta skuldast rehabilitering av banken sitt hovudkontor i 2024 og 2025. Avfallsplan og systematisk registrering av avfall vart etablert først i 2025, noko som medfører at utslepp i basisåret 2024 i stor grad er underrapporterte. Prosentvis endring må difor tolkast med varsemd.

Finansierte utslepp

Banken sine finansierte klimagassutslepp er berekna i samsvar med metodikken til PCAF (Partnership for Carbon Accounting Financials), supplert med anbefalingar frå Finans Norge si rettleiing for utrekning av finansierte utslepp. Utsleppa vert rapporterte under Scope 3, kategori 15 i tråd med GHG-protokollen.

Analysen omfattar sentrale bransjar i banken sin utlånsportefølje, med mål om å dekkje ein så stor del av samla utlån som mogleg, basert på tilgjengeleg datagrunnlag og anerkjend metodikk.

Datakvalitet og utrekningsmetodikk

PCAF tilrår ulike utrekningsmetodar for finansierte utslepp, avhengig av aktivaklasse og datatilgjenge. Datakvaliteten vert klassifisert på ein skala frå 1 til 5, der:

- nivå 1 representerer verifiserte, rapporterte utslepp, og
- nivå 5 representerer utslepp berekna med høg grad av estimering.

Banken jobbar for å kunne nytte beste tilgjengelege data for kvar aktivaklasse i tråd med PCAF sitt datakvalitetshierarki, jf. tabell 2-11.

Pr. i dag hentar banken ikkje inn klimarekneskap eller rapporterte utsleppsdata manuelt frå kundar. Som følgje av dette nyttar banken ikkje datakvalitet nivå 1 eller 2 i utrekningane. Utsleppa er hovudsakleg utrekna med utgangspunkt i fysiske aktivitetsdata (nivå 3) eller økonomiske data (nivå 4–5), avhengig av aktivaklasse og datatilgjenge. Banken har som ambisjon å auke datakvaliteten over tid i takt med betre datatilgang og vidare utvikling av metodikk.

Tabell 2-11 Datakvalitetshierarki (PCAF)

Datakvalitet	Utrekningsmetode	Alt.	Variabel
1	Rapporterte utslepp frå selskap	1a	Verifiserte, rapporterte utslepp
2		1b	Rapporterte, ikkje-verifiserte utslepp
3	Berekna utslepp basert på fysisk aktivitet	2a	Berekna utslepp basert på energiforbruk og tilhøyrande utsleppsfaktorar
		2b	Berekna utslepp basert på fysiske produksjonsdata og tilhøyrande utsleppsfaktorar
4	Berekna utslepp basert på økonomisk aktivitet	3a	Berekna utslepp basert på selskap sin omsetnad og bransjespesifikke utsleppsfaktorar pr. omsetnad
5		3b	Berekna utslepp basert på selskap sin balanseverdi og bransjespesifikke utsleppsfaktorar pr. balanseverdi

Oppdaterte utsleppsfaktorar og samanliknbarheit

I tråd med oppdaterte anbefalingar frå PCAF har banken teke i bruk nye utsleppsfaktorar frå CEDA (Comprehensive Environmental Data Archive), som erstattar tidlegare faktorar frå Exiobase. Desse faktorane vert av PCAF vurderte å ha vesentleg høgare kvalitet, og gjer det mogleg å rekne ut utslepp på både nasjonalt nivå og på meir detaljerte bransjenivå. Exiobase-faktorane kan, for norske bankar, berre nyttast for landgruppa «advanced economies» og på overordna bransjenivå. Metodeendringa vert vurdert som vesentleg, og har medført at utsleppstal for samanlikningsår er rekalkulerte med nye utsleppsfaktorar. Dette fører til at rapporterte utsleppstal avvik frå tal presenterte i tidlegare årsrapportar og klimarekneskap.

Vidare utvikling

Banken arbeider kontinuerleg med å vidareutvikle metodikk, datagrunnlag og datakvalitet for utrekning av finansierte utslepp. Målet er å styrkje forståinga av banken sitt klimaavtrykk, påverknad og klimarelaterte risikoar knytt til utlånsverksemda, samt å leggje til rette for meir presis oppfølging av målbaner i klimaovergangsplanen.

Tabell 2-12 Banken sine finansierte klimagassutslepp pr. 31.12.25, fordelt på bransjar og med tilhøyrande datakvalitet.

Bransje	Utlån tot. (MNOK)(1)	Finansiert utslepp scope 1-2 (tCO ₂ e)	Vekta data-kvalitet	Utslepps-intensitet (tCO ₂ e/MNOK)	Finansiert utslepp scope 3 (tCO ₂)
Anna	664	277	4,3	0,4	3.807
Bil	211	176	4,6	0,8	5.264
Bygg og anlegg	423	628	4,2	1,5	7.075
Eigedomsutvikling	5.578	1.334	3,9	0,2	16.399
Energi	430	2.880	4,1	6,7	1.706
Fiskeri/ fiskeindustri	1.959	1.544	4,4	0,8	9.858
Havbruk	523	1.804	4,3	3,5	2.148
Hotell og reiseliv	547	516	4,0	0,9	3.324
Industri og bergverk	1.545	1.032	4,0	0,7	30.341
Kultur, underholdning og fritidsaktiviteter	149	89	4,0	0,6	1.098
Landbruk	3.138	91.249	3,0	29,1	69.655
Personmarknad	5	5	5,0	0,9	80
Tenesteyting	145	28	4,0	0,2	402
Transport	711	15.232	4,0	21,4	10.137
Varehandel	399	1.530	4,2	3,8	9.706
Varehandel eks mat	27	42	4,4	1,5	578
Totalt bedriftsmarknad	16.453	118.364	4,1	4,6	171.577
Bustadeigedom (personmarknad)	53.909	3.907	3,0	0,1	0
Total utlånsportefølje	70.362	122.272			171.577

Fotnote knytt til finansierte klimagassutslepp, tabell 2-12:

- (1) Datagrunnlaget som ligg til grunn for utrekning av finansierte utslepp er strukturert etter PCAF-metodikk og bransjeinndeling tilpassa klimaanalyse. Dette kan medføre ei noko anna fordeling av utlånsvolum pr. bransje samanlikna med banken sitt finansielle rekneskap.

Vidare kan det vere avvik mellom samla utlånsvolum pr. 31.12.25 i utrekningane av finansierte utslepp og totalt utlån rapportert i den finansielle rekneskapen. Avvika skuldast metodiske avgrensingar, datatilpassing og avgrensa inkludering av enkelte engasjement i klimautrekningane, og vert ikkje vurderte å påverke hovudtrekka i analysen.

Næring- og bustadeigedom

Banken nyttar fleire datakjelder for å rekne ut finansierte klimagassutslepp frå utlån til bustad- og næringseigedom. Utsleppa vert rapporterte under aktivaklassane Eigedomsutvikling og Bustadeigedom. Val av utrekningsmetodikk er avhengig av kva informasjon som er tilgjengeleg for det enkelte eigedomsobjektet.

Der offisielt energimerke eller estimert energimerke ligg føre, vert dette nytta som grunnlag for utrekning av utslepp, og gir datakvalitet nivå 3 etter PCAF-rammeverket. Ved manglande energimerke kan informasjon om bygningstype og areal nyttast til å estimere utslepp, noko som gir datakvalitet nivå 4 eller 5, avhengig av detaljnivå og datatilgang.

Eigedomstypar som garasjar og ikkje utbygde tomter er ikkje inkluderte i utrekningane. Det vert heller ikkje rekna ut utslepp der banken manglar tilstrekkeleg informasjon om bygningstype eller bustadkategori. Utsleppsfaktorar for dei ulike bygningstypene er henta frå PCAF sin database.

Banken rapporterer utslepp i tråd med GHG-protokollen, basert på både marknadsbaserte og lokasjonsbaserte utsleppsfaktorar for straum. Banken sin finansierte andel av utsleppa vert rekna ut ved å setje banken si utestående eksponering mot eigedomen i forhold til eigedomen sin opphavlege verdi, og multiplisere denne fordelingsfaktoren med bygningen sitt totale utslepp.

Tilleggsrapportering av energiforbruk, klimagassutslepp og byggeår for næring- og bustadeigedom

I tråd med anbefalingar frå Finans Norge har banken gjennomført ei tilleggsrapportering av klimagassutslepp frå bustad- og næringseigedom i utlånsporteføljen. Rapporteringa omfattar vurderingar av energiforbruk og utslepp basert på både lokasjonsbasert og marknadsbasert straummiks.

Lokasjonsbasert straummiks reflekterer utslepp frå den straumen som faktisk vert levert og forbrukt i Norge. Ifølgje NVE var gjennomsnittleg utslepp knytt til norsk straumforbruk om lag 12 g CO₂e/kWh i 2025, noko som speglar høg fornybarandel i kraftsystemet. Marknadsbasert straummiks tek omsyn til bruk av opphavsgarantiar, og utan slike garantiar vert straumbruken knytt til europeisk residualmix med vesentleg høgare utslepp, estimert til om lag 535 g CO₂e/kWh.

I rapporteringa av banken sine samla klimagassutslepp frå utlånsporteføljen vert lokasjonsbasert straummiks nytta, då denne gir eit mest realistisk bilete av den faktiske klima- og energibelastninga frå eigedomsbruk i Norge, i samsvar med NVE sine klimadeklarasjonar.

Analysar av energiforbruk og byggeår på eigedomsnivå gir i tillegg viktig grunnlag for vurdering av overgangsrisiko. Byggeår, teknisk standard og energimerking er sentrale indikatorar for energieffektivitet, og vil vere avgjerande for å vurdere korleis eigedomar kan bli påverka av skjerpa krav til bruk av energi over tid.

Utslepp frå bustad- og næringseigedom

2025	Utlån (mill. kr.)	Lokasjonsbasert scope 1–2		Marknadsbasert scope 1–2	
		Estimerte finansierte utslepp (tonn CO ₂ -ekv.)	Karbonintensitet (tonn CO ₂ e pr. MNOK i utlån)	Estimerte finansierte utslepp (tonn CO ₂ -ekv.)	Karbonintensitet (tonn CO ₂ e pr. MNOK i utlån)
Eigedom (bedriftsmarknad)	5.689	1.787	0,314	79.651	14,0
Bustad	47.533	3.449	0,073	129.268	2,72

Straumforbruk bustad- og næringseigedom

2025	Estimert totalt straumforbruk for alle eigedomar (MWh/år)	Gj. snittleg straumforbruk (kWh/m ² /år)	Gj. snittleg straumforbruk pr. eigedom (MWh/år)	Gj. snittleg utslepp – lokasjonsbasert (kg CO ₂ e/m ²)
Eigedom (bedriftsmarknad)	288.259	220,41	0,220	2,65
Bustad	531.312	162,96	0,163	2,67

Eigenskapar om eigedom

2025	Gj. snittleg byggeår	Gj. snittleg BRA	Antall eigedommar
Eigedom (bedriftsmarknad)	1 993,0	1 428,1	1 132
Bustad	1 982,2	159,2	25 970

Landbruk

For aktive landbrukskundar vert klimagassutslepp berekna med utgangspunkt i aktivitetsbaserte data på kundenivå. Aktivitetsdata skil mellom ulike dyreslag og arealtpar hos den enkelte kunden. Utsleppsfaktorar frå Platon-rapporten «Klimagassutslepp frå norsk jordbruk fordelt på areal, dyr og matproduksjon» vert kombinerte med aktivitetsdata for å berekne kunden sine samla utslepp.

Desse utsleppsfaktorane er formidla gjennom Finans Norge si rettleiing for utrekning av finansierte utslepp, og omfattar utslepp knytt til landbruksdrift, energibruk og husdyrhald.

Landbrukskundar som ikkje er omfatta av denne aktivitetsbaserte utrekningsmetodikken, får utslepp berekna etter same metode som bustadlånkundar.

Andre bransjar

For andre kundar i bedriftsmarknaden vert klimagassutslepp estimerte med utgangspunkt i verksemda si NACE-kode og tilhøyrande utsleppsfaktorar frå PCAF sin database (CEDA). Banken hentar pr. i dag ikkje inn kundespesifikke klimarekneskap eller eigenrapporterte utslepp manuelt, og nyttar difor ikkje utrekningsmetodar som gir PCAF-datakvalitet nivå 1 eller 2.

Ved bruk av bransjebaserte utsleppsfaktorar vert datakvaliteten vurdert til nivå 4 eller 5. Der rekneskapsinformasjon frå Brønnøysundregistrene er tilgjengeleg, vert datakvalitet nivå 4 nytta. Dersom slik informasjon manglar, vert utsleppa estimerte med datakvalitet nivå 5. Kundar som er inkluderte i andre, meir detaljerte utrekningsmetodar (til dømes landbruk eller eigedom), er ekskluderte frå denne delen av analysen.

Banken har som mål å etablere løysingar for meir systematisk innhenting av kundedata over tid, for å leggje til rette for betre datakvalitet og meir presise utrekningar av finansierte utslepp.

Avgrensingar i klimarekneskapet

Klimarekneskapet til banken er pr. i dag ikkje fullstendig, då enkelte utsleppskategoriar enno ikkje er inkluderte i rapporteringa. Banken rapporterer førebels ikkje på investerte eller finansierte utslepp knytt til eigarpostar i selskap i SpareBank 1-alliansen. Vidare er utslepp relaterte til leasingaktivitetar ikkje inkluderte.

Avgrensingane skuldast i hovudsak vurderingar av vesentlegheit, avgrensa datatilgang og metodiske avklaringar. Banken har ambisjon om å vidareutvikle klimarekneskapet og utvide omfanget av rapporteringa. Inkludering av investerte utslepp knytt til eigarpostar, samt utslepp frå leasing, er planlagt implementert i samband med klimarekneskapet for 2026.

E1-7 Fjerning og lagring av klimagassar

SpareBank 1 Sogn og Fjordane nyttar ikkje fjerning av klimagassar, karbonfangst og -lagring (CCS/CCUS) eller kjøp av klimakredittar som verkemiddel for å nå banken sitt mål om netto null utslepp innan 2050. Banken sine klimamål og målbaner er baserte på faktiske utsleppsreduksjonar i eiga drift og i utlånsporføljen, i tråd med klimaovergangsplanen og Parisavtalen sitt 1,5-gradersmål.

I 2025 har banken gjennomført frivillig klimakompensasjon for delar av eigne driftsrelaterte klimagassutslepp frå 2024. Kompensasjonen omfattar kjøp og sletting av 76 tonn CO₂-ekvivalentar gjennom eit Gold Standard-sertifisert klimaprojekt. Tiltaket er avgrensa til historiske utslepp og er ikkje nytta som erstatning for utsleppskutt eller som del av banken si måloppnåing under klimaovergangsplanen.

Banken vurderer klimakompensasjon som eit supplement i ein overgangsfase, men ikkje som eit langsiktig verkemiddel for å nå klimamål. Eventuelle framtidige tiltak innan fjerning eller lagring av klimagassar vil bli vurderte i lys av utvikling i regelverk, metodikk og beste praksis, og vil ikkje erstatte behovet for reelle utsleppsreduksjonar.

E1-9 Finansielle effektar frå klimarisiko og -moglegheiter

Vurderingar av ESG i kredittprosessen

For banken er integrering av ESG- og klimavurderingar i kredittprosessen eit sentralt verkemiddel for å redusere framtidig kredittrisiko og sikre berekraftig utvikling av utlånsporteføljen. Systematiske vurderingar gir betre grunnlag for å identifisere kundar, bransjar og tryggleikar som kan bli påverka av fysisk klimarisiko og overgangsrisiko, og kan over tid påverke mellom anna mislighald, tapsavsetningar og verdien av pant.

Krav og forventningar frå styresmakter, tilsyn, investorar og andre interessentar til identifisering, vurdering og – over tid – kvantifisering av ESG-risiko har blitt tydeleg skjerpa i 2025, og er venta å auke vidare i 2026 og åra framover. Banken har difor styrkt arbeidet med å byggje eit meir robust ESG-datagrunnlag og integrere dette i porteføljestyling og risikomodellar.

Hausten 2024 tok banken i bruk SpareBank 1-alliansen sin ESG-modell som ein integrert del av kredittprosessen i bedriftsmarknaden. Modellen nyttast ved kredittinnvilging og oppfølging for å kartleggje ESG-risiko og identifisere vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter (IRO-ar) på kundenivå. ESG-modellen omfattar mellom anna:

- eigne delscore for fysisk klimarisiko og overgangsrisiko, samt forhold knytt til sosiale tema og selskapsstyring
- bransjespesifikke modular og justering for ibuande bransjerisiko
- ei vektning der spørsmål med høg forklaringsverdi påverkar totalscoren mest

ESG-risiko skal alltid vurderast ved kredittgjeving, i tråd med banken si interne kreditthandbok. I tillegg gjennomfører banken systematisk ESG-klassifisering for alle bedriftskundar med samla eksponering over 3 mill. kroner. I 2025 vart det òg implementert ei SMB-tilpassing av modellen for å sikre betre relevans for kundar med:

- engasjement opp til 25 mill. kroner, og/eller
- konsern-/gruppeengasjement under 100 mill. kroner

For kundar over desse tersklane vert ordinær modell nytta.

Pr. 31.12.25 er kundar med samla eksponering på 7 170 mill. kroner vurderte i ESG-modellen, noko som utgjer 41 prosent av banken si samla utlånsportefølje i bedriftsmarknaden. Av volumet er 23,6 prosent klassifisert med låg ESG-risiko, 70,8 prosent med moderat ESG-risiko og 5,6 prosent med høg ESG-risiko. Banken ventar at modellen si presisjon og forklaringssevne vil bli vidareutvikla i 2026, i takt med betre datagrunnlag og vidareutvikling i alliansen.

Tabell 2-13 Fordeling av ESG-risiko i vurdert del av bedriftsmarknadsporteføljen pr. 31.12.25.

Risikonivå	Tal kundar	Volum (mnok)	Vekta gjennomsnittlig totalscore
Grøn / låg risiko	108	1.694	7,12
Gul / moderat risiko	175	5.075	5,37
Raud / høg risiko	15	401	2,88
Totalt	298	7.170	5,65

Gjennom systematisk bruk av ESG-modellen byggjer banken opp eit meir representativt og konsistent datagrunnlag for kundar i utvalde bransjar. Datagrunnlaget blir nytta i porteføljestyling og i vidare analysar av risiko- og moglegheitsbiletet på bransjenivå.

ESG-score vert òg nytta som input i stresstesting av ESG-relatert risiko i banken sin IFRS 9-modell for forventna utlånstap. Dette gir banken betre føresetnader for å vurdere korleis klimarelaterte og andre ESG-forhold kan påverke kredittrisiko og tapsnivå over tid. Analysane blir nytta til å:

- identifisere konsentrasjonar mot karbonintensive eller klimautsette tryggleikar og aktivitetar
- avdekkje geografiske konsentrasjonar av fysisk klimarisiko
- peike ut bransjar der banken bør intensivere dialog, rådgjeving og finansielle verkemiddel for å støtte omstilling
- vurdere om særskilde tryggleikar med høg ESG-risiko krev tettare oppfølging eller justerte føresetnader i vurderingar
- analysere banken si robustheit under ulike ESG- og klimarelaterte scenario
- leggje grunnlag for målretta tiltak i kredittpraksis og styrande dokument

Fysisk risiko

Eigedomporteføljen sin eksponering mot fysisk risiko

Banken si langsiktige eksponering mot fysisk klimarisiko er påverka av både datatilgang og uvisse knytt til korleis klimarelaterte hendingar vil utvikle seg over tid. Marknadsområdet i tidlegare Sogn og Fjordane er kjenneteikna av fjord- og kystlandskap, dalføre og bratt terreng, noko som gjer regionen særleg utsett for flaum, skred, kvikkleire, overvatn og havnivåstiging. Slik fysisk klimarisiko kan over tid gi finansiell effekt gjennom mellom anna verdifall i panteverdiar, auka skadefrekvens og svekt betalingsevne hos kundar.

For å kartleggje eksponeringa nyttar banken kart- og faredata frå NVE og Kartverket, kopla mot bustad- og næringsseigedomar på objekt-nivå via Eiendomsverdi. Datagrunnlaget er nytta til å etablere ein risikoscore for fysisk klimarisiko med verdiar frå 0 til 6, der 6 indikerer høgast risiko. Scoren byggjer på graden av berøring for eigedomen og sannsynet for at relevante scenario kan inntreffe. Samla risikoscore for kvart objekt er definert som den høgaste scoren blant dei identifiserte risikoscenarioa.

Kartlegginga omfattar alle pantsette eigedomar i konsernet, inkludert objekt overførte til Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS og SpareBank 1 Boligkreditt. For kvart pantobjekt er det knytt uteståande utlånssaldo og treff på fleire kartlag for fysisk klimarisiko. Kartlaga omfattar mellom anna flaum, stein- og fjellskred, kvikkleireskred, overvatn, samt stormflo og havnivåstiging. Eit objekt kan vere eksponert mot fleire risikotypar samstundes.

I analysen blir eigedomar med risikoscore 3 eller høgare vurderte som eksponerte. Tabellane under viser bustad- og næringsseigedomar med risikoscore 3 eller høgare, fordelte på risikokategoriar pr. 31.12.25. Figur 2-1 viser geografisk fordeling av akutt og kronisk fysisk klimarisiko i porteføljen (risikoscore 3 eller høgare).

Tabell 2-14 Bustadeigedom fordelt på risikokategori (sikkerheiter i SpareBank 1 Sogn og Fjordane, Bustadkreditt Sogn og Fjordane og SpareBank 1 Boligkreditt) pr. 31.12.25

Klimarisiko-kategori	Tal	Utlånssaldo (mill. kr)	Utlån %
FLAUM	522	994	1,88 %
HAVNIVÅ	989	1.751	3,31 %
KVIKKLEIRE	595	1.239	2,34 %
OVERVATN	2.537	5.639	10,68 %
SKRED	1.615	2.678	5,07 %
TOTAL FYSISK RISIKO	5.465	10.897	20,63 %


Tabell 2-15 Næringsseigedom fordelt på risikokategori (sikkerheiter i SpareBank 1 Sogn og Fjordane) pr. 31.12.25

Klimarisiko-kategori	Tal	Utlånssaldo (mill. kr)	Utlån %
FLAUM	108	1.244	17,98 %
HAVNIVÅ	295	2.420	34,96 %
KVIKKLEIRE	36	198	2,86 %
OVERVATN	199	2.689	38,84 %
SKRED	99	819	11,84 %
TOTAL FYSISK RISIKO	512	4.356	62,94 %

Tabell 2-16 Bustad- og næringsseigedom (inkl. burettslag) totalt fordelt på risikokategoriar pr. 31.12.25

Klimarisiko-kategori	Tal	Utlånssaldo (mill. kr)	Utlån %
FLAUM	685	2.398	3,77 %
HAVNIVÅ	1.409	4.437	6,97 %
KVIKKLEIRE	665	1.520	2,39 %
OVERVATN	2.923	8.851	13,91 %
SKRED	1.934	4.100	6,44 %
TOTAL FYSISK RISIKO	6.486	16.600	26,10 %

Figur 2-1 Geografisk fordeling av akutt og kronisk klimarisiko i porteføljen (risikoscore 3 eller høgare)



Akutt klimarisiko

Akutt klimarisiko omfattar risiko for skade og økonomisk tap som følgje av ekstreme vêrhendingar som flaum, skred og kraftig nedbør. Slike hendingar er venta å bli både meir hyppige og meir intense som følgje av klimaendringar, og representerer ei særleg relevant risikokjelde for banken sitt marknadsområde.

Vestland er blant fylka i Norge som er mest utsette for klimarelaterte naturhendingar, samstundes som den samla tilpassingsevna er vurdert som relativt låg. I tidlegare Sogn og Fjordane er dei mest sentrale akutte klimarisikoane knytt til ekstrem nedbør, regnflaum, jord- og flaumskred, kvikkleire og overvatn. Desse risikotypene kan gi direkte skade på bygningar og infrastruktur, samt indirekte finansiell effekt gjennom verdifall i pantesikkerheiter, driftsavbrot og svekt betalingsevne hos kundar.

Analysar baserte på kart- og faredata frå NVE og Kartverket syner at banken sine pantobjekt har ei samla eksponering mot akutt fysisk klimarisiko på 13 634 mill. kroner pr. 31.12.25. Dette svarer til 22,0 prosent av samla utlån med pantesikkerheit. Eksponeringa utgjer 18,5 prosent av personmarknadsporteføljen og 39,5 prosent av bedrifts- marknadsporteføljen, noko som indikerer at akutt klimarisiko er særleg konsentrert i delar av bedriftsmarknaden.

Akutt klimarisiko er klassifisert ved bruk av ein risikoscore frå 0 til 6, der eigedomar med score 3–6 innanfor kategoriane flaum, skred, kvikkleire og overvatn vert vurderte som risikoutsette. Risikoscoren byggjer på vurderingar av både sannsyn og konsekvens for at ei hending kan inntreffe. Det ligg pr. i dag ikkje føre systematisk informasjon om gjennomførte risikoreduserande tiltak på eigdomsnivå, noko som medfører uvisse knytt til faktisk sårbarheit og mogleg tapsomfang.

Risikokategoriane flaum, skred og overvatn har størst eksponering i dei høgaste risikonivåa (score 5 og 6). Om lag 8,4 prosent av samla utlån til panteeigedomar fell innanfor desse nivåa. Overvatn er den risikotypen som samla sett har størst eksponering i porteføljen, og skadar knytt til overvatn er normalt ikkje omfatta av naturskade- erstatningslova. Dette kan innebære auka eigenrisiko og høgare forsikringskostnader for kundar, og dermed indirekte påverke banken sin kredittrisiko.

Den geografiske eksponeringa mot akutt klimarisiko er størst i kommunane Sunnfjord og Stryn. Over tid kan akutt klimarisiko påverke banken gjennom verdifall i tryggleikar, auka tapsrisiko og høgare kapitalbinding, særleg i område og bransjar med høg konsentrasjon av risikoutsette eigedomar.

Kronisk klimarisiko

Kronisk klimarisiko omfattar risiko for skade eller økonomisk tap som følgje av langsiktige klimaendringar, og kan påverke natur, samfunn og økonomi over tid. For banken er kronisk fysisk klimarisiko særleg knytt til havnivåstiging og stormflo, som kan få konsekvensar for eigedomar, infrastruktur og næringsverksemd i kyst- og fjordområde.

Analysar av sentrale kartlag for kronisk fysisk klimarisiko syner at konsernet sine pantobjekt har ei samla utlåns-eksponering på 4 437 mill. kroner ved utgangen av 2025. Dette svarer til om lag 7,0 prosent av samla utlånsaldo på pantobjekt banken har eksponering mot. Eksponeringa utgjer 3,4 prosent av personmarknadsporteføljen og 25,0 prosent av bedriftsmarknadsporteføljen, noko som indikerer at kronisk klimarisiko i hovudsak er konsentrert i delar av bedriftsmarknaden.

Risikoklassifiseringa av kronisk klimarisiko er basert på ein risikoscore frå 0 til 6, der eigedomar med risikoscore 3–6 innanfor scenario for havnivåstiging og stormflo vert vurderte som eksponerte. Det er nytta scenario for middel-høgvatn samt 20-, 200- og 1 000-års stormflo for dagens klima, i tillegg til framskrivingar for 2050 og 2090. Framtids-scenarioa tek omsyn til lokale forhold som landheving, og gir eit relevant grunnlag for vurderingar knytt til arealbruk, byggjesaker og langsiktig klimatilpassing.

Den geografiske eksponeringa mot kronisk klimarisiko er størst i kyst- og fjordkommunar med tett busetnad og næringsverksemd, mellom anna Sunnfjord, Kinn, Sogndal, Askvoll og Gloppen. Dette reflekterer historiske busetnads- og utbyggingsmønster, der sentral infrastruktur og verdiskaping i stor grad er lokalisert i låglands- og strandsona.

Det er pr. i dag ikkje registrert tilfelle der sikkerheitsverdiar er justert ned som følgje av høg kronisk fysisk klimarisiko. Over tid kan likevel auka frekvens og alvor av klimarelaterte hendingar medføre høgare forsikringskostnader, auka vedlikehaldsbehov og endra etterspurnad i eigedomsmarknaden. Kronisk klimarisiko vert difor vurdert som ei lang-siktig utfordring for banken si portefølje, særleg knytt til verdistabilitet i tryggleikar og framtidig kredittrisiko.

Oppsummering finansielle effektar av fysisk risiko

Analysane syner at banken har ei betydeleg eksponering mot både akutt og kronisk fysisk klimarisiko. Dette er i stor grad forventa, gitt dei geografiske og topografiske tilhøva i Sogn og Fjordane, som er prega av kyst- og fjordlandskap, bratt terreng og høg fjellsområde. Slike forhold gjer regionen særleg utsett for klimarelaterte hendingar som flaum, skred, overvatn og stormflo.

Det overordna ansvaret for klimatilpassing ligg hos offentlege styresmakter, særleg kommunane i regionen. Prioriteringar og gjennomføring av klimatilpassing vil vere avgjerande for utviklinga i marknadsvardiar og omsetningsverdiar for eigedomar som inngår som pant for banken si utlånsportefølje. Mangelfull klimatilpassing kan over tid bidra til verdifall og auka risiko for stranda eigedelar.

Kart- og faredata for fysisk klimarisiko er difor ein stadig viktigare del av banken si risikostyring, både i kreditt-prosessen og i dialogen med kundar. På kort og mellomlang sikt materialiserer fysisk klimarisiko seg i hovudsak gjennom auka forsikringskostnader og skadefrekvens, medan det på lengre sikt kan utvikle seg til ein finansiell risiko gjennom påverknad på infrastruktur, eigedomsvardiar og kundane si betalingsevne.

Aukande frekvens og alvor av ekstremvêr kan bidra til større volatilitet i forsikringsmarknaden og høgare kostnader for kundane. Konsentrasjonsrisikoen er i stor grad avdempa gjennom Norsk Naturskadepool, men kan bli utfordra over tid, dersom klimatilpassing ikkje vert tilstrekkeleg prioritert av statlege og lokale styresmakter, næringsliv og finansinstitusjonar.

Overgangsrisiko

Utlånsporteføljen si eksponering mot overgangsrisiko

Overgangsrisiko er definert som ein eigen risikokategori i banken sin ESG-modell og vert vurdert gjennom bransje-spesifikke analysar, supplert med justering for ibuande risiko knytt til den enkelte bransjen. Bransjerelaterte forhold og ibuande overgangsrisiko har størst påverknad på samla ESG-score, då denne risikotypen er vurdert å ha høgast sannsyn for å materialisere seg i finansielle tap over tid.

Bransjane fiskeri, eigedom, transport, landbruk og anleggsverksemd har gjennomgåande lågare score på overgangsrisiko samanlikna med andre bransjar. Dette heng saman med kombinasjonen av relativt høg ibuande klimarisiko og skjerpa krav og forventningar til omstilling frå styresmakter, regelverk og marknad. Samstundes går både teknologisk utvikling og tilgjengelege støtteordningar i fleire av desse bransjane seinare enn tidlegare førespegla, noko som bidreg til auka uvisse for gjennomføringstakt og kostnadsnivå for omstilling.

Vidare er det betydelege investeringsbarrierar knytt til omstilling i desse bransjane, mellom anna høge kapitalkrav og lange avskrivningstider. Dette inneber at omstillingsarbeidet i stor grad må skje over eit lengre tidsperspektiv, og at delar av porteføljen kan vere utsett for overgangsrisiko i fleire år framover. Samla sett er gjennomsnittleg total-score for overgangsrisiko lågare enn gjennomsnittet for ESG-score totalt, noko som understrekar overgangsrisikoen si betydning i banken si risikovurdering.

Fordeling av eigedomar banken har pant i etter energikarakterar

Bustadlån og utlån til næringer innan omsetning og drift av fast eigedom utgjer den største delen av banken si utlånsportefølje. Utlån med pant i fast eigedom er difor særleg relevante i vurderinga av overgangsrisikoen. Dei viktigaste risikodrivarane knytt til eigedomar på kort, mellomlang og lang sikt er mellom anna:

- bygget sin tekniske standard, alder og TEK-nivå
- energimerking og eventuell miljøsertifisering
- endringar i preferansar hos kjøparar og leigetakarar
- løpetid og struktur på låneengasjementa

Banken har avdekt utfordringar knytt til manglande energimerking av både bustad- og næringseigedomar, samt svak etterleving av krav til energimerking. Manglande energimerke avgrensar banken si evne til å:

- tilby grøn og overgangsretta finansiering
- kvalifisere bustad- og næringseigedomslån i tråd med banken sitt grønne obligasjonsrammeverk
- klassifisere eigedomar som grønne etter EU sin taksonomi
- vurdere overgangsrisiko i eigedomsporteføljen på ein presis og samanliknbar måte

Tabellane under syner fordelinga av eigedomar banken har pant i, fordelt på energimerke for bustad- og nærings-eigedom pr. 31.12.25. Oversikta syner at ein betydeleg del av porteføljen framleis manglar gyldig energimerke. Samla sett er om lag 77 prosent av porteføljen konsentrert rundt eigedomar utan energimerke eller i energiklassane E-G. Desse eigedomane kan vere meir utsette for overgangsrisiko over tid, særleg dersom krav til energiyting, dokumentasjon og rehabilitering vert skjerpa.

For å redusere overgangsrisiko og styrkje datagrunnlaget har banken i 2025 sett mål om å auke delen energimerka bustad- og næringseigedomar, samt å auke volumet av grønne bustader og grønne næringseigedomar. Desse målsettingane vert vidareførte i 2026.

Tabell 2-17 Fordeling av pant i bustadeigedom etter energimerke (inkl. burettslag og overført til SpareBank 1 Boligkreditt og Bustadkreditt Sogn og Fjordane)

Energikarakterar	Antall eigedomar	Andel	Volum (mill. kr)	Andel
A	249	0,9 %	818	1,4 %
B	1.670	6,1 %	5.531	9,8 %
C	1.113	4,0 %	3.162	5,6 %
D	1.214	4,4 %	3.367	6,0 %
E	1.204	4,4 %	3.310	5,9 %
F	1.359	4,9 %	3.781	6,7 %
G	1.773	6,4 %	5.018	8,9 %
Utgått energiattest	762	2,8 %	1.701	3,0 %
Manglar energiattest	18.252	66,1 %	29.842	52,8 %
Totalt	27.596	100 %	56.530	100 %

Tabell 2-18 Fordeling av pant i næringseigedom etter energimerke

Energikarakterar	Antall eigedomar	Andel	Volum (mill. kr)	Andel
A	1	0,1 %	55	0,7 %
B	9	0,7 %	478	6,4 %
C	7	0,5 %	558	7,5 %
D	8	0,6 %	274	3,7 %
E	9	0,7 %	118	1,6 %
F	5	0,4 %	39	0,5 %
G	5	0,4 %	44	0,6 %
Manglar energiattest	1.264	96,6 %	5.846	78,9 %
Totalt	1.308	100 %	7.412	100 %

For å supplere den kvalitative vurderinga av overgangsrisiko har banken gjennomført ei enkel kvantitativ kartlegging av delar av egedomsporteføljen, basert på låneløpetid, energikarakter og risikoprofil. Resultatet av dette vert presentert i dei to neste underkapitla.

Overgangsrisiko for bustader

For å omstille bustadporteføljen til netto null utslepp innan 2050 må bustader over tid energieffektiviserast og/ eller produsere eigen fornybar energi, slik at dei kan definerast som nullutsleppsbygningar. For å få betre innsikt i overgangsrisikoen knytt til bustadlån har banken analysert egedomar med lån som har løpetid og uteståande saldo etter 2050.

Pr. 31.12.25 utgjer utlånssaldo med løpetid etter 2050 om lag 6,3 mrd. kr, fordelt på 9 817 egedomar. Andelen lån med saldo etter 2050 vil auke år for år fram mot 2050, og det er difor rimeleg å forvente at den langsiktige eksponeringa mot overgangsrisiko i bustadporteføljen vil auke over tid.

Som ein del av analysen har banken identifisert ei utsett portefølje, definert som lån knytt til bustadeigedomar med energikarakter F eller G, som har saldo etter 2050, og som samstundes er kjenneteikna av høgt sannsyn for misleghald og låg sikkerheit, målt ved belåningsgrad over 75 prosent. Pr. 31.12.25 utgjer denne utsette porteføljen 278 mill. kroner, tilsvarande 0,53 prosent av samla utlånssaldo med løpetid etter 2050.

Overgangsrisiko for næringsseigedom

For å omstille næringsseigdomsporteføljen til netto null utslepp innan 2050 må næringsbygg gjennomføre betydelege utsleppskutt og energieffektiviseringstiltak, slik at dei over tid kan klassifiserast som nullutsleppsbygningar. For vurdering av overgangsrisiko knytt til næringsseigedom har banken valt å analysere lån med løpetid og uteståande saldo etter 2030.

Bakgrunnen for dette er at næringsseigedomar normalt har kortare nedbetalingstid enn bustader, og at overgangsrisiko difor er meir relevant å vurdere over ein kortare tidshorisont. Pr. 31.12.25 utgjer utlånssaldo med løpetid etter 2030 5,1 mrd. kr, fordelt på 975 egedomar.

Den utsette porteføljen for næringsseigedomar er definert som lån til egedomar med energimerke F eller G, som har saldo etter 2030, og som samstundes har indikatorar for høgt sannsyn for misleghald og låg sikkerheit, målt ved belåningsgrad over 75 prosent. Pr. 31.12.25 utgjer denne porteføljen 28 mill. kroner, tilsvarande 0,4 prosent av samla utlånssaldo med løpetid etter 2030.

Oppsummering finansielle effektar overgangsrisiko

Overgangsrisikoen i banken si utlånportefølje er i hovudsak knytt til regelverksendringar, teknologisk utvikling og marknadspreferansar, særleg innan egedomar, landbruk, transport og andre kapitalintensive bransjar. EU sitt reviderte Energy Performance of Buildings Directive (EPBD) (direktiv (EU) 2024/1275), vedteke i 2024 og sett i kraft i EU i mai 2024, innebar skjerpa krav til energieffektivitet i bygg og legg til rette for ein fullt avkarbonisert bygningsmasse innan 2050. Direktivet skal transponerast til nasjonal rett innan mai 2026 og er venta å få vesentleg innverknad på krav til energiyting, energimerking og forvaltning av bygg i EØS-området.

EPBD legg òg vekt på betre og meir samanliknbare energidata for bygg. Over tid kan dette føre til auka marknadspress på energieffektivitet og energimerking, noko som igjen kan påverke prising, omsetningsevne og finansieringsvilkår for egedomar med låg energiyting.

Undersøkingar frå Eiendomsverdi indikerer at samanhengen mellom energimerke og marknadsverdi førebels er avgrensa, då energimerke ofte vert indirekte fanga opp gjennom attributt som byggeår og lokasjon. I eit lengre perspektiv kan energikarakter og dokumentert energiyting likevel få større betydning for marknadsverdiar, særleg i takt med betre datakvalitet, strengare regelverkskrav og endra preferansar hos kjøparar, leigetakarar og investorar.

Klimarelaterte moglegheiter

Omstilling av eigedomsporteføljen

Energiomstilling av bustader og næringsseigedomar kan innebere betydelege kostnader for eigarar, og representerer samstundes både ein risiko og ei forretningsmoglegheit for banken. Dersom energieffektivisering vert lånefinansiert, kan dette bidra til auka etterspurnad etter kreditt og nye finansieringsløyningar. Samstundes kan krav om omfattande oppgraderingar føre til høgare gjeldsbelastning for kundar, dersom tiltaka ikkje vert fullt ut dekte gjennom offentlege støtteordningar eller eigenfinansiering. Ambisjonane om energieffektivisering omfattar både eksisterande bygningsmasse og nye bustader og næringsseigedomar.

Ein stor del av banken si sikkerheitsmasse er knytt til bustadlån. Analysar indikerer at behovet for energieffektivisering varierer betydeleg mellom ulike bustadtypar, byggtekniske standardar og geografiske område. Samla sett kan investeringsbehovet i bustadporteføljen vere omfattande. Det faktiske finansieringsbehovet for banken vil likevel vere avhengig av i kva grad kundane nyttar offentlege støtteordningar, tilskot og eigenkapital i gjennomføringa av tiltaka.

Banken har identifisert klare moglegheiter til å bidra til energiomstilling i eigedomsporteføljen samstundes som klimarisikoen i eigen utlånsportefølje vert redusert. Dette skjer mellom anna gjennom grønne produkt retta mot personmarknaden, som grønt bustadlån for bustader med god energikarakter og klimalån. Produkta gir økonomiske insentiv til energieffektive tiltak, støttar kundane i omstillingsarbeidet og bidreg til å redusere overgangsrisikoen i bustadlånporteføljen.

For næringsseigedomar har banken i 2025 vidareutvikla tilbodet innan grøn og overgangsretta finansiering. Banken tilbyr grønt bedriftslån til næringsseigedomar som oppfyller definerte krav til energiyting, energimerke og eventuelle miljøsertifiseringar. I tillegg vert det tilbydd overgangsfinansiering til næringsseigedomar der eigar har konkrete, tidfesta og forpliktande planar for energieffektivisering, klimatilpassing eller andre tiltak som over tid bidreg til å gjere bygget grønt. Overgangsfinansiering er knytt til ein avtalt plan for gjennomføring av tiltak, normalt innan ein tidshorisont på 3–5 år.

Gjennom kombinasjonen av rådgjeving, målretta finansieringsprodukt og skjerpa datagrunnlag kan banken både støtte kundane si omstilling og samstundes redusere langsiktig klimarelaterte risikoar i eigen utlånsportefølje.



Eigne tilsette (ESRS S1)

Banken ønsker å vere ein attraktiv arbeidsplass, der både dei tilsette og organisasjonskulturen er definert som viktige konkurransefortrinn. Vi arbeider aktivt for å vidareutvikle organisasjonskulturen mellom anna gjennom eit godt samspel med tillitsvalde, eit felles utvikla avtaleverk, trivselstiltak og kompetanseheving. Våre tilsette er den viktigaste ressursen vi har for å ivareta og styrke posisjonen i marknaden. Dette krev at vi må overvake konkurransesituasjonen i arbeidsmarknaden kontinuerleg. I tillegg må vi overhalde reglar innan relevant lovgjeving, tariffavtalar og banken si godtgjersleordning knytt til tilsetjingsvilkår.

Strategi

Strategisk relevans

SpareBank 1 Sogn og Fjordane tilpassar organisasjonen i takt med utviklinga i næringa, regelverk og kundeåtferd. Gjennom grundige prosessar arbeider banken heile tida med organisasjonsutvikling og endringar som er tilpassa krav og behov. Ein kompetent og motivert organisasjon blir i strategien framheva som eitt av banken sine konkurransefortrinn. Organisasjonen skal vere prega av ein kultur basert på læring, utvikling, samarbeid og open kommunikasjon.

SBM-2 Interessentar sine interesser og synspunkt

Interesser og synspunkt knytt til eigne tilsette er omtala under ESRS 2 – Generelle opplysningar, i samband med beskriving av interessentdialogen. Desse innspela har vore sentrale i vurderinga av vesentlege tema innanfor ESRS S1.

SBM-3 Vesentleg påverknad, risikoar og moglegheiter og samspel med strategi og forretningsmodell

I samband med den doble vesentlegheitsanalysen omtala i ESRS 2 har SpareBank 1 Sogn og Fjordane identifisert fleire vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter knytt til eigne tilsette. Analysen er gjennomført basert på krava i ESRS 2 og byggjer på prinsippet om dobbel vesentlegheit, der både påverknad på tilsette og finansiell risiko og moglegheit for banken er vurdert. I dette kapittelet vert desse samla omtala som vesentlege IRO-ar (impacts, risks and opportunities).

Basert på analysen er det identifisert eitt avgrensa sett med IRO-ar som er særleg relevante for banken sin forretningsmodell og risikoprofil, og som i hovudsak materialiserer seg i banken si eiga drift. Desse er oppsummerte i tabellen nedanfor.

Tabell 3-1 Vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter knytt til ESRS S1 Eigne tilsette

IRO namn	IRO kategori	Stad i verdikjeda		
		Oppstraums	Eigen drift	Nedstraums
Arbeidsforhold	Positiv påverknad		x	
Likebehandling og moglegheiter for alle	Positiv påverknad		x	
Kompetanseutvikling	Risiko Moglegheit		x	
Vere ein god og stabil arbeidsgjevar	Moglegheit		x	

SpareBank 1 Sogn og Fjordane er ei kompetansebedrift der dei tilsette representerer den viktigaste ressursen for å sikre god kundeleveranse, konkurransekraft og langsiktig verdiskaping. Resultata frå den doble vesentlegheitsanalysen viser at tema knytt til eigne tilsette har høg vesentlegheit på tvers av undertema i ESRS S1.

Banken kan gjennom sine aktivitetar påverke eigne tilsette både positivt og negativt. Forhold som arbeidsvilkår, trygg tilsetning, likebehandling, medverknad og kompetanseutvikling har stor betydning for trivsel, helse og utvikling hos dei tilsette. Positiv påverknad og investering i desse områda bidreg til motiverte og lojale medarbeidarar, låg turnover og ein sterk organisasjonskultur.

Samstundes er desse forholda òg finansielt vesentlege for banken. Mangelfull oppfølging av eigne tilsette kan medføre auka sjukefråvær, høg turnover og svekt omdøme som arbeidsgjevar, noko som igjen kan påverke produktivitet, rekrutteringsevne og lønnsemd. Gode arbeidsforhold, likebehandling og systematisk kompetanseutvikling er difor viktige verkemiddel for å sikre stabil arbeidskraft, redusere risiko og styrke banken si langsiktige konkurransevne.

S1-1 Styrande dokument i samband med eigne tilsette

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har etablerte policyar, strategiar og rutinar som skal sikre gode arbeidsforhold, likebehandling, kompetanseutvikling og ansvarleg leiing av eigne tilsette. Målet er å vere ein attraktiv og ansvarleg arbeidsgjevar, i tråd med gjeldande lov- og avtaleverk, banken sine verdiar og langsiktige forretningsmål.

HR-avdelinga har ansvar for å forvalte og følgje opp styringsdokument knytt til eigne tilsette. Etterleving av sentrale ordningar, mellom anna godtgjersleordninga, blir rapportert til styret og årleg vurdert av banken sin internrevisor. Styringsdokumenta er tilgjengelege for alle tilsette i banken sitt styringssystem.

Tabell 3-2 Styrande dokument knytt til eigne tilsette

Styringsdokument	Tema	Føremål	Forankring	Operativt ansvar
Strategi	Arbeidsmiljø, kompetanse, leiing	Set overordna retning for utvikling av organisasjonen og eigne tilsette	Styret	Konsernleiing/ HR
Godtgjersle-ordning	Lønn, insentiv, risikostyring	Sikre ansvarleg godtgjersle og unngå uheldige insentiv	Styret	HR
Lønnspolitikk	Lønn og rekruttering	Sikre konkurransedyktig og rettferdig lønn	Styret / godtgjersleutval	HR
Etiske retningslinjer	Etikk, åtferd, trakassering m.m.	Fastset krav til åtferd og nulltoleranse for trakassering	Styret	Alle leiarar
Varslingsrutine	Ytringsklima og varsling	Legg til rette for trygg varsling, open eller anonym	Styret	HR / Compliance
Policy for likestilling, mangfald og inkludering	Likebehandling, mangfald	Sikre like rettar og moglegheiter for alle	Styret	HR
Rutine for eignavurdering	Leiing og nøkkelfunksjonar	Sikre at krav til eignaheit vert etterlevde	Lovpålagt	HR
Personvern for tilsette	Person-opplysningar	Sikre forsvarleg behandling av tilsette sine data	Lovpålagt	HR / Personvern

Handtering av påverknad, risikoar og moglegheiter

S1-2 Rutinar for kontakt med eigne tilsette og tilsettere representantar om påverknadar

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har etablerte strukturar for dialog og medverknad som sikrar at eigne tilsette og deira representantar blir involverte i saker som påverkar arbeidsforhold, arbeidsmiljø og organisering. Medverknad frå tilsette er eit grunnleggjande prinsipp i den nordiske arbeidslivsmodellen og ein integrert del av banken si verksemdsstyring.

Tariffavtaler og organisering

SpareBank 1 Sogn og Fjordane er tilslutta tariffavtalane i finansnæringa, som er framforhandla mellom Finans Norge og Finansforbundet. I tillegg er det inngått ei bedriftsavtale som gjeld for alle tilsette, både organiserte og uorganiserte. Bedriftsavtala er tilgjengeleg for alle tilsette i banken si personalhandbok.

85,5 prosent av faste tilsette er organisert i Finansforbundet. Banken har òg tilsette organiserte i andre fagforeiningar.

Møteplassar for medverknad

Samarbeidet mellom leiinga og tilsette sine representantar er godt. Det er etablert felles samarbeids- og arbeidsmiljøutval (SAMU), der Finansforbundet og vernetenesta er representert. Frå banken møter representantar frå leiinga, inkludert administrerande direktør. SAMU har møter minimum fire gonger i året.

Tilsetjingsutvalet (TUV) har møter ved tilsetjing av alle nye tilsette som ikkje fell inn under bedriftsavtala sin definisjon av leiande tilsette i banken. Her møter representantar frå banken og frå tillitsvalde, inkludert hovudtillitsvald.

I dei årlege lønnsoppgjera blir det gjennomført drøftingar med tillitsvalde i banken om den økonomiske ramma for, og innretninga på, det lokale oppgjeret.

HMS og arbeidsmiljø

Medverknad i HMS-arbeidet er ivareteken i tråd med arbeidsmiljølova, mellom anna gjennom vernetenesta og deltaking i SAMU. Banken har avtale med godkjend bedriftshelseteneste.

For å styrke dialogen om arbeidsmiljø og trivsel gjennomfører banken jamlege pulsmålingar. I 2025 tok banken i bruk verktøyet Winningtemp, som kartlegg arbeidsmiljø, trivsel og medarbeidarengasjement gjennom anonyme undersøkingar. Resultata blir følgde opp både på konsern- og avdelingsnivå, og nyttast aktivt som grunnlag for forbetringstiltak. Winningtemp er eit felles verktøy i SpareBank 1-alliansen og beskrive i nærare detalj i boks under.

Winningtemp (WT) er ei system for å kartlegge arbeidsmiljø, trivsel og medarbeidarengasjement i organisasjonar. Resultata blir presentert i ni kategoriar: Leiing, arbeids glede, meningsfullheit, autonomi, arbeidssituasjon, deltaking, personleg utvikling, teamfølelse og engasjement. I tillegg er det spørsmål om psykologisk tryggleik og tillit, og om ambassadørskap (eNPS).

Undersøkinga er anonym, og tilsette har tilgang til score for eiga avdeling og heile banken. For leiarar er Winningtemp eit viktig leiarverktøy i arbeid med arbeidsmiljø i avdelinga. Winningtemp blir brukt i heile SpareBank 1 Alliansen. Score i Winningtemp er på ein skala frå 1-10, der score frå 7-10 gir grønt nivå.

S1-3 Rutinar for å avhjelpe negative påverknadar og kanalar der egne tilsette kan gi uttrykk for bekymringar

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har etablerte rutinar for å førebyggje, avdekke og handtere negative påverknadar knytt til egne tilsette. Tilsette har både rett og plikt til å varsle om kritikkverdige forhold, og banken har ei eiga rutine som regulerer korleis slik varsling skal skje.

Varslingsordninga skal bidra til å:

- avdekke og stanse kritikkverdige forhold
- førebyggje og handtere trakassering, diskriminering og andre uakseptable forhold
- redusere risiko for arbeidsrelatert sjukdom og uheldige arbeidsmiljøforhold
- sikre vern av varslarar og fremje openheit og eit godt ytringsklima

Tilsette kan varsle internt i linja eller via banken sitt eksterne varslingsmottak, som blir drifta av Ernst & Young. Banken følgjer opp alle varslar i tråd med fastsette rutinar og set i verk naudsynte tiltak der det er relevant.

I tillegg nyttar banken systemet Winningtemp som ein lågterskelkanal for å fange opp forhold knytt til arbeidsmiljø, trivsel og medarbeidarengasjement. På spørsmål som omhandlar mellom anna mobbing, trakassering og diskriminering, kan tilsette gi anonyme tilbakemeldingar og kommentarar via systemet. Desse blir følgde opp av næraste leiar og/eller HR. Dialog kan først vidare anonymt, eller den tilsette kan velje å vere open.

Gjennom kombinasjonen av formelle varslingskanalar og løpande arbeidsmiljødialog har banken fleire mekanismar for å identifisere og avhjelpe negative påverknadar for egne tilsette.

S1-4 Tiltak knytt til vesentlege påverknadar på egne tilsette og strategiar for å handtere vesentlege risikoar og utnytte vesentlege moglegheiter i forbindelse med egne tilsette, og effektiviteten av desse tiltaka

SpareBank 1 Sogn og Fjordane arbeider systematisk med tiltak for å styrke trivsel, kompetanse, omstillingsevne og langsiktig verdiskaping gjennom egne tilsette. Tiltaka er forankra i banken sin strategi og er tilpassa både utviklingstrekk i arbeidslivet generelt og banken sine egne omstillingsbehov.

Strategi, omstilling og kultur

I 2025 var hovudfokuset retta mot omstilling og gevinstrealisering knytt til inntreden i SpareBank 1-alliansen. Banken gjennomførte ei omfattande endringsreise, der tydeleggjing av ansvar, roller og prestasjonskrav stod sentralt. Tiltak retta mot prestasjonskultur, salsleiing og forretningsmessig ansvar vart styrkte som del av denne prosessen. Vi har tilpassa organisasjonen som alliansebank, og gjennomført ein omstillingsprosess med ny organisering gjeldande frå 1. januar 2026.

For å støtte endringsarbeidet har banken gjennomført både digitale og fysiske kulturbyggjande tiltak. Det vart arrangert digitale samlingar for å styrke samhandling, inspirasjon og felles identitet, i tillegg til ei felles konsernsamling for alle tilsette, for å markere gjennomført inntreden i SpareBank 1-alliansen. Banken gjennomfører òg årlege samlingar for nyttilsette.

Leiing, kompetanse og medarbeidarutvikling

Banken har etablerte strukturar for systematisk leiar- og medarbeidarutvikling. Leiarforum er ein fast møteplass for leiarar, både digitalt og fysisk, og fungerer som arena for kompetanseutvikling, erfaringsdeling og informasjonsdeling. I tillegg har banken gjennomført leiarutvikling med særleg vekt på endringsleiing, som vart vidareført og følgd opp med nye tiltak i 2025.

Kompetanseutvikling er vidare ivareteke gjennom interne læringsinitiativ, mellom anna pilotprosjekt innan digital læring. Banken har òg etablerte strukturar for medarbeidarsamtalar og individuell utviklingsoppfølging.

Arbeidsmiljø, helse og trivsel

Banken nyttar Winningtemp som verktøy for løpande måling av arbeidsmiljø, trivsel og medarbeidarengasjement. Resultata blir nytta aktivt i oppfølging på både konsern- og avdelingsnivå.

I samarbeid med bedriftshelsetenesta har banken gjennomført opplæring for både leiarar og tilsette om rettar og plikter knytt til sjukefråvær og arbeidsmiljø, som del av arbeidet med førebygging og systematisk oppfølging av fråvær.

Arbeidsformer og fysisk arbeidsmiljø

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har lagt til rette for ein hybrid arbeidskvardag, med moglegheit for heimekontor basert på skriftlege avtalar. Kontoret er definert som hovudarbeidsplass, og banken har gjennomført eit prosjekt for å vidareutvikle kontorutforming som fremjar samhandling, tillit og ein inspirerende arbeidskvardag.

Rehabilitering av hovudkontoret i Førde

I 2025 flytta tilsette tilbake til eit rehabilitert hovudkontor i Førde etter eitt år i mellombelse lokale. Hovudkontoret vart opphavleg bygd i 1991 og dimensjonert for om lag 90 tilsette. Etter rehabiliteringa er bygget tilpassa dagens bemanning på om lag 200 tilsette og tilfredsstiller moderne krav til arbeidsmiljø, funksjonalitet og fleksibilitet.

Gjennom rehabiliteringa har banken jobba for å få på plass Breeam in use-sertifisering, og blei sertifisert med karakter "Outstanding". Dette er den høgste klassifiseringa, og banken er stolt over å ha flytta tilbake til eit meir energieffektivt bygg.

Som del av prosjektet har banken innført eit aktivitetsbasert arbeidsplasskonsept tilpassa dagens arbeidsformer, med mål om å styrke samhandling, effektiv bruk av areal og trivsel i kvardagen.



Rekruttering, tryggleik, livsfase og eigarkjensle

Banken har styrkt rekrutteringsprosessen gjennom innføring av bakgrunnssjekk som del av arbeidet med å styrke sikkerheitskulturen. Det er òg starta arbeid med å vurdere personellsikkerheit gjennom heile arbeidsforholdet.

Banken har ei livsfasepolitikk som tek omsyn til at tilsette er i ulike livssituasjonar. Seniorpolitikken byggjer på ei grunnhaldning om at seniorar er ein viktig ressurs, og det blir gjennomført samtalar frå fylte 60 år med mål om å leggje til rette for at flest mogleg kan stå lengst mogleg i arbeid.

Banken sitt spareprogram i eigenkapitalbevis har god oppslutnad, og i 2025 deltok 80 % av tilsette i ordninga og kjøpte til saman 33.000 eigenkapitalbevis. Spareprogrammet er eit viktig tiltak for å motivere tilsette til å bli medeigarar, auke interessa for banken sin strategi og auke medverknad.

Måleindikatorar og mål

S1-5 Mål for korleis vesentlege negative påverknader skal handterast, positiv påverknad styrkast og vesentlege risikoar og moglegheiter handterast

Det er vedtatt to langsiktige og strategiske mål for banken: Vekst på alle vis, og leiarstjerne i bank-Norge med ambisjon å vere blant dei best drivne bankane i Norge. Strategien trekk også fram følgjande fem tema som tilsette og leiarar må jobbe med for at banken skal nå sine overordna mål:

Måltema 1: Vi er ein bank, eitt lag, og ein arbeidsplass våre tilsette veks og trivst i

Banken har eit godt arbeidsmiljø, og tok hausten 2025 i bruk Winningtemp for å jobbe meir systematisk med kartlegging og vidareutvikling av arbeidsmiljø, trivsel og medarbeidarengasjement. I 2026 skal vi setje mål for dette arbeidet, og følgje opp leiarar og avdelingar med gjennomføring av ulike tiltak.

Måltema 2: Vi er ein arbeidsplass der alle er velkomne, uansett alder, kva bakgrunn du har, kven du er kjæraste med og kva religion du har eller ikkje har

Banken skal halde fram det viktige arbeidet med likestilling, mangfald og inkludering. I 2026 vil vi ha spesielt fokus på likelønn, og andre risikoar vi finn i kartlegginga vi gjer saman med tillitsvalde. Sjå meir informasjon i kapitlet «Vårt arbeid for likestilling og mot diskriminering».

Måltema 3: Vi er ein arbeidsplass der du skal utvikle deg, med klare forventningar til bidraget ditt

Leiarane våre skal drive naudsynte endringar, stadig forbetre resultata og bidra til at banken når sine overordna mål. I 2026 skal vi etablere SSF-Skulen, ein paraply for all kompetanseutvikling. Vi skal også ruste leiarane våre gjennom leiarutvikling, og vidareutvikle prestasjonskulturen i banken.

Måltema 4: Vi er ei drivkraft for lokalsamfunnet vårt med ambisjonar om å vere ein drivar for heile Vestlandet

Våre tilsette bur og er engasjert i lokalsamfunna i heile Sogn og Fjordane og i Bergen. Banken deler overskotet tilbake til regionen gjennom små og store løft. Vi skaper moglegheiter for folk, tilsette og for næringslivet.

Måltema 5: Vi er trygge, ekte, nære og engasjerte

Banken sine verdiar skal vere ein del av onboardinga av nye tilsette, av banken sine leiarprinsipp og leiarutvikling, og dei skal vere integrert i alt vi gjer.

S1-6 Opplysningar om verksemda sine tilsette

Denne delen gir oversikt over samansetjinga av banken sine tilsette, inkludert fordeling etter kjønn, tilsetjingsform og arbeidstid, basert på ESRS S1-6.

31.12.2025	Kvinner	Menn	Samla antall
Antall tilsette	180	139	319
Antall fast tilsette	171	131	302
Antall midlertidig tilsette	9	8	17
Antall tilsette uten garantert arbeidstid	0	0	0
Antall heiltidstilsette	161	131	292
Antall deltidstilsette	19	8	27
31.12.2024	Kvinner	Menn	Samla antall
Antall tilsette	181	142	323
Antall fast tilsette	172	129	301
Antall midlertidig tilsette	9	13	22
Antall tilsette uten garantert arbeidstid	0	0	0
Antall heiltidstilsette	162	129	291
Antall deltidstilsette	19	13	32

Tal midlertidig tilsette er inkludert i tal heiltidstilsette og tal deltidstilsette.

Deltidstilsette og midlertidig tilsette

Av banken sine 319 tilsette arbeider 27 tilsette deltid. Av desse er 19 kvinner og 8 menn. Deltidsstillingane er i hovudsak knytt til stillingsbrøkar på 80 og 90 prosent. I tillegg har banken studentar i deltidsstillingar ved Studentsenter, Direktebank og Bedriftssenter.

I 2025 hadde banken 17 tilsette i midlertidige stillingar. Av desse er 9 kvinner og 8 menn.

I tillegg nytta banken 29 ferievikarar sommaren 2025, hovudsakleg studentar i bachelor- og masterløp. Desse er ikkje inkluderte i tala ovanfor. Bruk av ferievikarar blir vurdert som ein viktig rekrutteringsarena, og fleire har seinare fått tilbod om fast eller mellombels tilsetjing.

Rekruttering

I 2025 rekrutterte vi 31 kvinner og 28 menn i interne og eksterne rekrutteringsprosessar til faste stillingar. Vi tok imot totalt 543 søknadar, av desse var 51 prosent frå kvinner og 49 prosent frå menn.

Rekrutteringa består av 18 nytilsette fordelt på 11 kvinner og 7 menn, 4 vikarar som har fått fast stilling fordelt på 1 kvinne og 3 menn, og 37 tilsette som har fått nye stillingar fordelt på 19 kvinner og 18 menn.

Turnover og fratredelsar

Samla turnover i 2025 var 4,64 prosent, fordelt på 4,08 prosent for kvinner og 5,38 prosent for menn.

Til samanlikning var samla turnover i 2024 på 5,03 prosent.

I 2025 var det totalt 19 som slutta, fordelte slik:

- 14 frivillige oppseiingar
- 5 gjekk av med pensjon
- Ingen oppseiingar, dødsfall eller andre årsaker

	31.12.25	31.12.24
Antall frivillige oppseiingar i perioden	14	15
Antall oppseiingar i perioden	0	0
Antall pensjoneringsar i perioden	5	3
Antall dødsfall i perioden	0	0
Andre typer fratredelsar i perioden	0	0
Sum som har slutta i perioden	19	18

S1-7 Opplysningar om ikkje-tilsette arbeidarar i selskapet sin eigen arbeidsstyrke

Banken har i 2025 ikkje nytta innleigd arbeidskraft frå sjølvstendige næringsdrivande eller frå verksemder som primært tilbyr arbeidskrafttenester. Banken har difor ingen ikkje-tilsette arbeidarar i arbeidsstyrken i rapporteringsperioden.

S1-8 Kollektivavtalers dekning og dialog mellom partane i arbeidslivet

96,59 % av tilsette i SpareBank 1 Sogn og Fjordane er omfatta av kollektivavtaler. Konsernleiinga er ikkje omfatta, jf. Sentralavtalen § 1 (3), vidare er 3 andre leiarar unntatt jf. banken si bedriftsavtale.

Banken er tilslutta tariffavtalene i finansnæringa, som er framforhandla mellom Finans Norge (FNO/NHO) og Finansforbundet. I banken er det framforhandla ei bedriftsavtale som gjeld for alle tilsette, både dei som er organisert i fagforeining og dei uorganiserte, med unntak som nemnd i førre avsnitt. Bedriftsavtala er tilgjengeleg for alle tilsette i banken si personalhandbok.

85,5 % av faste tilsette er organisert i Finansforbundet. I tillegg har banken tilsette som er organisert i andre fagforeiningar.

	Kollektivavtalar si dekning	Dialog mellom partane i arbeidslivet
Dekningsgrad	Tilsette (EØS)	Representasjon på arbeidsplassen
0–9 %		
20–39 %		
40–59 %		
60–79 %		
80–100 %	Norge	Norge

S1-9 Mangfaldsparameter

Leiinga og styrande organ


Banken er oppteken av å legge forholda til rette for kvinner i leiande stillingar. I styret er fire av åtte medlem kvinner. I leiargruppa er det to kvinner og seks menn, inkludert administrerande direktør. Blant mellomleiarar med personalansvar er det 16 kvinner og 13 menn.

	Kvinner	Menn	31.12.25 Total
Generalforsamling	13	12	25
Styret	4	4	8
Bankens leiargruppe	2	6	8
Mellomleiarar med personalansvar	16	13	29


	Kvinner	Menn	31.12.24 Total
Generalforsamling	13	12	25
Styret	4	4	8
Bankens leiargruppe	3	6	9
Mellomleiarar med personalansvar	10	14	24

Det er eit langsiktig mål å ha relativ lik fordeling av kjønn på alle stillingsnivå og forretningsområde, og banken har som mål at andelen kvinner i leiande stillingar ligg mellom 40 og 60 %. I 2025 har andelen kvinner i leiande stillingar auka til 49 % frå 39 % i 2024. Andelen kvinner med fagansvar er redusert til 48 % i 2025 frå 57 % i 2024.

Kvinneandel i leiande stillingar




Kjønnsbalanse for leiarar i %



Alle tilsette

Blant alle tilsette er 56 % kvinner og 44 % menn, ei fordeling som er uendra frå 2024.

Kvinneandel totalt i banken



UTVIKLING I KJØNNBALANSEN

Andel kvinner	2025	2024
Nivå 1 - Adm. Dir.	0 %	0 %
Nivå 2 - Leiargruppa	29 %	38 %
Nivå 3 - Andre leiarar med personalansvar	55 %	42 %
Nivå 4 - Fagsjef	48 %	57 %
Nivå 5 - Rådgjevar/konsulent	59 %	60 %
Midlertidig tilsett	53 %	41 %
Totalt i banken	56 %	56 %

Likestillingsselskapet «SHE» har i samarbeid med rådgjevs- og revisjonsselskapet EY lansert ein nasjonal indeks som måler kor gode norske selskap er på kjønnsbalanse. SpareBank 1 Sogn og Fjordane fekk 84 poeng av 100 moglege i 2025. Banken er tilknytt Kvinner i Finans Charter, og har forplikta seg til å setje interne mål for kjønnsbalanse på leiarnivå, og til å ha ein person på leiarnivå som har dedikert ansvar for oppfølging av arbeidet med mangfald og likestilling i banken. Tala viser at finansføretak, som har slutta seg til denne organisasjonen, i snitt er betre på kjønnsbalanse enn andre bedrifter i næringa.

Blant banken sine tilsette finn vi denne aldersfordelinga:

Antall tilsette	31.12.25	31.12.24
Under 30 år	14 %	17 %
Mellom 30 og 50 år	52 %	50 %
Over 50 år	34 %	33 %

S1-10 Tilstrekkeleg lønn

Alle tilsette i SpareBank 1 Sogn og Fjordane mottar tilstrekkeleg lønn i samsvar med gjeldande referanselønningar. I Sentralavtala mellom NHO/Finans Norge og Finansforbundet er det spesifikke vilkår som regulerer lønn for tilsette omfatta av avtalen. I følgje §7 (1) skal ein tilsett bli lønna etter lønnstabellen sine satsar frå oppstart i bedrifta, og startlønna skal ikkje vere lågare enn lønnstrinn 22.

S1-11 Sosialstønad

Alle tilsette i SpareBank 1 Sogn og Fjordane er i samsvar med norsk lov omfatta av sosialstønad mot tap av inntekt som følgje av sjukdom, arbeidsløyse, arbeidsskade og erverva funksjonsnedsetjing, foreldrepermisjon og pensjon.

S1-13 Måleindikatorar for opplæring og kompetanseutvikling

SpareBank 1 Sogn og Fjordane arbeider systematisk med organisasjons- og kompetanseutvikling for å møte endringar i regelverk, marknad og kundeåtfærd. Kompetanse og læring er forankra i banken sin strategi og er definert som eit sentralt konkurransefortrinn.

Kompetansetiltak har som mål å sikre at tilsette har rett kompetanse til å støtte banken sine forretningsmessige mål, regulatoriske krav og ansvarleg drift. Banken gjennomfører jamlege kompetansekartleggingar for å identifisere kompetansegap, og kompetanse er eit fast vurderingstema i HR sine risikovurderingar.

Ansvar for kompetanseutvikling er delt mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar. Leiarar har ansvar for å sikre naudsynt opplæring, medan den einskilde medarbeidar har ansvar for eiga fagleg og personleg utvikling.

Den overordna strategien blir årleg broten ned i mål og handlingsplanar på avdelingsnivå, og vidare konkretisert i individuelle mål som blir følgde opp gjennom regelmessige utviklingssamtalar. Stillingsinstruksar blir oppdaterte årleg.

Alle tilsette har lik tilgang til opplæring uavhengig av kjønn. I 2025 har alle tilsette gjennomført om lag fem timar obligatorisk opplæring innan anti-kvitvasking, IT-sikkerheit, personvern og teieplikt. I tillegg kjem fagspesifikk opplæring, autorisasjonar, årlege kunnskapsoppdateringar og bruk av eksterne læringsplattformer, slik at det samla opplæringsomfanget er høgare.

	31.12.25	
	Kvinner	Menn
Andel tilsette som har fått tilbod om opplæring og kompetanseutvikling	100 %	100 %
Gj.snitt antall opplæringstimer	5,0	5,0
Andel tilsette som har deltatt i regelmessige evalueringar av resultat og karriereutvikling	100 %	100 %

Tabellen nedanfor viser gjennomføringsgrad for utvalde kurs i Utsikt. Gjennomføringsgraden er berekna som prosentdel av tilsette med krav om å gjennomføre det aktuelle kurset. Tilsette som har vore fråverande grunna sjukdom eller permisjon er inkluderte i berekningsgrunnlaget, noko som inneber at faktisk gjennomføringsgrad i praksis er noko høgare. Banken tok i bruk Utsikt hausten 2024, og det ligg derfor ikkje føre samanliknbare tal for gjennomføringsgrad for 2024.

	2025	2024
Nytilsettprogram	88 %	n/a
Antikvitvask (9 kurs)	88 %	n/a
Nanolæring på IT-sikkerhet	88 %	n/a
BankID	88 %	n/a
Obligatoriske kurs (4 kurs)	95 %	n/a
Etikk	100 %	100 %
God skikk	100 %	100 %

Banken legg til rette for kompetanseutvikling gjennom støtte til kurs og utdanning som er relevante for banken sine behov og forankra i den enkelte medarbeidar sin utviklingsplan. Gjennom kurs, opplæring, kartlegging og testing arbeider banken systematisk for å sikre og dokumentere at tilsette har naudsynt kompetanse til å utføre rollene sine.

Som medlem av Finansnæringens Autorisasjonsordninger (FinAut) har banken forplikta seg til at rådgjevarar skal vere autoriserte og utøve rolla si i tråd med finansnæringa sin bransjenorm «God Skikk». Autorisasjonsordningane skal sikre rette haldningar, ferdigheiter og kunnskap innan mellom anna sparing og investering, kreditt, informasjons-giving, skade- og personforsikring, skadeforsikring næringsliv og personforsikring næringsliv. Finansnæringa sin bransjenorm, «God Skikk», set krav til autoriserte sin praksis på ti ulike område.

Autoriserte rådgjevarar må gjennomføre årlege oppdateringskurs for å halde kompetansen ved lag. I 2025 har oppdateringane mellom anna omfatta ny utlånsforskrift, budsjettering i periodar med høg prisvekst, endringar i offentlig tenestepensjon, konsekvensar av svak kronekurs, samt etikk og god rådgjevingsskikk.

Tabellen nedanfor viser talet på autoriserte rådgjevarar i dei ulike autorisasjonsordningane per 31.12.25 og 31.12.24.

	31.12.25	31.12.24
Kreditt	72	68
Informasjonsgjever	11	1
Personforsikring PM	70	66
Skadeforsikring PM	60	59
Sparing og investering	84	87
Personforsikring NL	4	4
Skadeforsikring NL	4	4

Banken evaluerer arbeidet med organisasjons- og kompetanseutvikling gjennom fleire mekanismar, mellom anna kompetansekartlegging, internkontroll, etterlevingsarbeid, internrevisjon, registrering og oppfølging av hendingar, handsaming av kundeklagar, statusrapportering frå FinAut, benchmarking og Finans Norge si årlege kompetanseundersøking.

S1-14 Måleindikatorar for arbeidsmiljø

	31.12.25	31.12.24
Andel tilsette omfatta av eit arbeidsmiljøsystem	100 %	100 %
Antall dødsfall som følge av arbeidsrelaterte skader og arbeidsrelatert dårleg helse	0	0
Antall arbeidsrelaterte ulykker som skal registrerast, samt ulykkesfrekvensen	0	0
Antall tilfelle av arbeidsrelatert dårleg helse	0	0
Antall tapte dagar på grunn av arbeidsrelaterte skader og dødsfall	0	0

S1-15 Måleindikatorar for balanse mellom arbeid og fritid

Alle tilsette har rett på foreldrepermisjon. Både kvinner og menn nyttar seg av retten til familierelatert permisjon/foreldrepermisjon. 28 tilsette har tatt ut foreldrepermisjon i 2025, av desse er 19 kvinner og 9 menn.

	2025	2024
Andel tilsette som har rett til familierelatert permisjon	100 %	100 %
Andel tilsette som har tatt ut familierelatert permisjon	8,8 %	5,9 %
Andel kvinner som har tatt ut familierelatert permisjon	10,6 %	7,2 %
Andel menn som har tatt ut familierelatert permisjon	6,5 %	4,2 %

	2025	2024
Tal kvinner som har tatt ut foreldrepermisjon	19	13
Tal menn som har tatt ut foreldrepermisjon	9	6
Gjennomsnittleg tal veker foreldrepermisjon kvinner	22,2	12,4
Gjennomsnittleg tal veker foreldrepermisjon menn	11,7	11,4

S1-16 Måleindikatorar for godtgjersle (lønnforskjell og samla godtgjersle)

Banken arbeider aktivt for at tilsette skal ha lik lønn for arbeid av lik verdi. Det er utarbeidd kartleggingsverktøy som gjer det enklare å utjamne lønnskilnader i banken, og likelønnsvurderingar er ein obligatorisk del av dei årlege lønnsoppgjera.

Tabellane under viser gjennomsnittleg lønn ved 100 % stilling, fordelt på ulike stillingsnivå og kjønn. Nivå 1 – Adm. dir. er ikkje med i berekning av gjennomsnittleg lønn totalt i banken.

GJENNOMSNITTLØNN INKLUDERT OVERTID OG NATURALYTINGAR

Kjønn	2025	2024	Endr. siste år	Endr. siste år u/EK
Kvinner	752.584	765.403	- 1,67 %	4,14 %
Menn	869.375	853.473	1,86 %	6,98 %
Totalt i banken	803.267	803.968	- 0,09 %	5,41 %

GJENNOMSNITTLØNN INKLUDERT OVERTID OG NATURALYTINGAR

Organisasjonsnivå	2025	2024	Endr. siste år	Endr. siste år u/EK
Nivå 1 – Adm. dir.	4.037.114	3.734.752	8,10 %	9,41 %
Nivå 2 – Leiargruppa	1.739.918	1.618.022	7,53 %	10,61 %
Nivå 3 – Andre leiarar med personalansvar	1.062.684	1.096.921	- 3,12 %	1,02 %
Nivå 4 – Fagsjef	916.617	923.171	- 0,71 %	4,38 %
Nivå 5 – Rådgjevar/konsulent	750.099	759.009	- 1,17 %	5,05 %
Midlertidig tilsett	519.786	459.946	13,01 %	13,01 %
Totalt i banken	803.267	803.968	- 0,09 %	5,41 %

Det vart gjennomført ei eingongstildeling av EK-bevis til alle fast tilsette i desember 2024. Ramma for tildeling av EK-bevis var 100 EK-bevis per tilsett pluss eit kontantvederlag på kr 15.000. Samla verdi per tilsett var på om lag kr 45.000. Når vi ser vekk frå denne eingongstildelinga er auken i gjennomsnittleg lønn totalt i banken 5,41 %.

I berekninga av lønnskilnad og gjennomsnittleg lønn har vi tatt med grunnlønn per 31.12. og ulike tillegg som overtid og naturalytingar for rekneskapsåret. I forbindelse med inntreden i alliansen i 2024 blei det arbeidd meir overtid enn vanleg, og dette påverkar gjennomsnittleg lønn i 2024. I naturalytingar inngår EK-bevis, fast bilgodtgjersle, fri bil, personalforsikring, skattepliktig rentefordel og skattepliktige gåver. Stillingsnivåa er basert på eksisterande stillingskategoriar i banken og ei vurdering av kva stillingar som inngår i dei ulike nivåa. Vi har også vurdert likt arbeid og arbeid av lik verdi i utforminga av stillingsnivå.

Tabellane nedanfor viser medianløn ved 100% stilling, fordelt på ulike stillingsnivå og kjønn.

MEDIANLØN INKLUDERT OVERTID OG NATURALYTINGAR

Kjønn	2025	2024	Endr. siste år	Endr. siste år u/EK
Kvinner	726.801	754.354	- 3,65 %	2,46 %
Menn	839.114	817.893	2,59 %	8,57 %
Totalt i banken	773.011	783.397	- 1,33 %	4,69 %

MEDIANLØN INKLUDERT OVERTID OG NATURALYTINGAR

Organisasjonsnivå	2025	2024	Endr. siste år	Endr. siste år u/EK
Nivå 1 – Adm. dir.	4.037.114	3.734.752	8,10 %	9,41 %
Nivå 2 – Leiargruppa	1.752.291	1.601.248	9,43 %	12,60 %
Nivå 3 – Andre leiarar med personalansvar	1.053.660	1.057.803	- 0,39 %	4,03 %
Nivå 4 – Fagsjef	887.210	909.564	- 2,46 %	2,62 %
Nivå 5 – Rådgjevar/konsulent	740.906	756.920	- 2,12 %	4,07 %
Midlertidig tilsett	523.122	417.037	25,44 %	25,44 %
Totalt i banken	773.011	783.397	- 1,33 %	4,69 %

Tabellen under viser kvinner si lønn i % av menn si lønn ved 100 % stilling, fordelt på ulike stillingsnivå.

LIKELØNN

Organisasjonsnivå	2025	2024
Nivå 2 – Leiargruppa	92 %	82 %
Nivå 3 – Andre leiarar med personalansvar	89 %	97 %
Nivå 4 – Fagsjef	87 %	88 %
Nivå 5 – Rådgjevar/konsulent	90 %	92 %
Midlertidig tilsett	90 %	95 %
Totalt i banken	87 %	90 %

Gjennomsnittslønna for både kvinner og menn har gått opp frå 2024 til 2025, når vi ser vekk frå eingongseffekten ved tildelinga av EK-bevis til alle tilsette i desember 2024. Menn har hatt ein større lønnsauke enn kvinner, og skilnaden mellom kvinner og menn si snittlønn har auka mest på nivå 3 – andre leiarar med personalansvar. I 2025 har det blitt tilsett fleire nye kvinnelege leiarar og teamleiarar. Desse har ei lågare startlønn enn meir erfarne leiarar. Banken jobbar bevisst med likelønn ved både rekruttering og i lønnsoppgjær. Banken har gjort tiltak for å utjamne lønnskilnader som ikkje kan forklarast med anna enn kjønn, og vil framover sjå om det er andre tiltak vi bør gjennomføre for å sikre lik lønn for arbeid av lik verdi.

Lønnskilnader mellom kvinner og menn har tidlegare i stor grad skuldast eit fleirtal av menn i leiande stillingar, og banken har jobba målretta med tiltak for å auke andelen kvinnelege leiarar. I 2025 har andel kvinner med personalansvar auka til 49 %.

Banken har ikkje fått melding om, eller avdekka tilfelle av lønnsdiskriminering. Banken vil fortsette å arbeide aktivt for å redusere lønnskilnader.

S1-17 Hendingar, klager og alvorlege menneskerettsbrot

Banken har ikkje mottatt bøter eller andre sanksjonar eller gitt kompensasjon i 2025.

Det er i 2025 mottatt 8 kommentarar i systemet Winningtemp som er saksbehandla og lukka. For beskriving av Winningtemp, sjå kapittel om «Rutinar for å avhjelpe negative påverknadar og kanalar der eigne tilsette kan gi uttrykk for bekymringar».

Vårt arbeid for likestilling og mot diskriminering

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har som mål å vere ein av dei mest attraktive arbeidsplassane i regionen. Likestilling, mangfald og inkludering er ein integrert del av dette arbeidet. Banken ønskjer å rekruttere og utvikle medarbeidarar som speglar samfunnet vi er ein del av, og legg til grunn forskning som viser at mangfald bidreg positivt til arbeidsmiljø, utvikling og verdiskaping.

Banken arbeider målretta for å førebyggje diskriminering og trakassering, og for å sikre like moglegheiter for alle tilsette. Tydelege haldningar og systematisk oppfølging er viktige verkemiddel for å styrke banken sitt omdømme som arbeidsgjevar og for å bidra positivt til samfunnet rundt oss. Alle tilsette har eit ansvar for å medverke til eit trygt, inkluderande og respektfullt arbeidsmiljø.

Systematisk tilnærming til likestilling og ikkje-diskriminering

Arbeidet med likestilling og mot diskriminering er basert på ein strukturert metode i fire steg:

1. kartlegging av risiko for diskriminering og hinder for likestilling
2. analyse av årsaker
3. iverksetting av tiltak
4. evaluering av effekt

Metoden omfattar alle diskrimineringsgrunnlag og blir nytta innan fem hovudområde:

rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår, forfremjing og utviklingsmoglegheiter, tilrettelegging, samt balanse mellom arbeid og familieliv. Banken arbeider òg aktivt for å førebyggje trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald.

Prinsipp, styring og involvering

Likestillingsarbeidet er forankra i banken sine strategiar, styringssystem og retningslinjer, mellom anna gjennom Policy for likestilling, mangfald og inkludering (vedtatt i 2023, sist oppdatert i 2025). Styret, leiinga, tillitsvalde og tilsette er involverte i arbeidet.

Likestilling og ikkje-diskriminering blir jamleg drøfta med tillitsvalde i samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet (SAMU), som har minimum fire møte årleg. Banken har etablert tilsetjingsutval i tråd med hovudavtala i finansnæringa, med særleg ansvar for å ivareta omsyn til likestilling i lønns- og arbeidsvilkår.

Tiltak i praksis

Banken har i 2025 gjennomført ei rekkje tiltak for å fremje likestilling og inkludering:

- aktivt fokus på mangfald i rekruttering, mellom anna gjennom inkluderande stillingsannonser, bevisst bruk av bilete og mål om å kalle inn begge kjønn til intervju
- nulltoleranse for diskriminering og trakassering, med klare retningslinjer og varslingskanalar
- systematisk kartlegging av lønnskilnader og avsetjing av eigen likelønnsrett for å jamne ut uforklarlege skilnader
- lønnsamtale for kvinner i fødselspermisjon på lik linje med andre tilsette
- universell utforming av nyrenovert hovudkontor, inkludert kjønnsnøytrale toalett og tilrettelegging ved særskilde behov
- nye strukturar for lønns- og utviklingssamtalar med vekt på kompetanseutvikling
- fleksible arbeidsordningar som støttar balanse mellom arbeid og familieliv
- årleg stadfesting av banken sine etiske retningslinjer for alle tilsette
- pulsmålingar som mellom anna kartlegg opplevingar knytt til mobbing, trakassering og diskriminering

Planlagde tiltak framover

I åra som kjem vil banken:

- halde fram arbeidet for jamnare kjønnsbalanse på alle stillingsnivå
- styrke rekruttering og utvikling av kvinnelege leiarar og leiartalent
- sikre at både kvinner og menn blir kalla inn til leiarintervju
- førebu etterleving av kommande likelønnsdirektiv
- vidareføre systematisk risikokartlegging, med særleg fokus på likelønn i 2026

Evaluering og oppfølging

Arbeidet med likestilling, mangfald og ikkje-diskriminering blir evaluert gjennom årleg oppfølging av kjønnsbalanse og likelønn på ulike stillingsnivå, og rapportert i årsrapporten. Banken rapporterer òg til SHE-indeksen og Kvinner i Finans Charter, og oppmodar tilsette til å gi tilbakemelding gjennom portalen Equality Check.

Temaet blir jamleg drøfta med tillitsvalde og styret. HR-avdelinga har ansvar for etterleving av diskrimineringsforbodet og for oppfølging av etiske retningslinjer. Eventuelle varslings saker blir handterte i tråd med etablerte rutinar og omtalt i banken si risikorapportering til styret.

Forbrukarar og sluttbrukarar (ESRS S4)

SpareBank 1 Sogn og Fjordane si verdiskaping skjer i hovudsak gjennom samhandling med kundar og sluttbrukarar på tvers av banken si verdikjede. Kundane blir handtert gjennom fleire kanalar og tenester, og banken sine aktivitetar kan dermed påverke både klima, miljø og samfunn – direkte og indirekte.

Dette kapitlet skildrar korleis banken arbeider systematisk for å redusere potensiell negativ påverknad og samstundes styrke positiv påverknad knytt til kundar, basert på rapporteringskrava i ESRS S4 – Forbrukarar og sluttbrukarar. I kapitlet blir forbrukarar og sluttbrukarar samla omtala som «kundar».

Som del av den doble vesentlegheitsanalysen omtala i ESRS 2 har banken identifisert fleire vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter (IRO-ar) knytt til forbrukarar og sluttbrukarar. Analysen er gjennomført basert på krava i ESRS 2 og byggjer på prinsippet om dobbel vesentlegheit, der både banken sin påverknad på kundar og finansiell risiko og moglegheit for banken er vurdert.

Med utgangspunkt i analysen er det identifisert to vesentlege IRO-ar som er særleg relevante for banken sin forretningsmodell og risikoprofil. Desse er oppsummerte i tabell 4-1, som syner type IRO og kvar i verdikjeda dei materialiserer seg.

Strategi

Strategisk relevans

I hovudstrategien har SpareBank 1 Sogn og Fjordane som mål å vere ei drivkraft for lokalsamfunna i regionen gjennom finansiering og stabile, ansvarlege banktenester for personkundar og næringsliv. For å lukkast med dette er banken avhengig av høg tillit frå kundar, og at produkt, tenester og kommunikasjon held høg kvalitet, og er i samsvar med gjeldande regelverk og samfunnsforventningar.

Banken har ein marknadsandel på nær 48 prosent av personmarknaden i Sogn og Fjordane, og om lag fire av ti aksjeselskap i regionen er kundar i banken. Dette gir banken ein betydeleg påverknad på kundar, og understrekar betydninga av ansvarleg praksis innan marknadsføring, informasjonsforvaltning og personvern.

SBM-2 Interessentar sine interesser og synspunkt

Interesser og synspunkt knytt til eigne tilsette er omtala under ESRS 2 – Generelle opplysningar, i samband med beskriving av interessentdialogen. Desse innspela har vore sentrale i vurderinga av vesentlege tema innanfor ESRS S4.

SBM-3 Vesentlege påverknad, risikoar og moglegheitarsamspel med strategi og forretningsmodell

Som del av den doble vesentlegheitsanalysen er det identifisert to vesentlege IRO-ar knytt til kundar:

- ansvarleg marknadsføring og risiko for grønvasking, og
- personvern.

Desse IRO-ane treff kundar på tvers av fleire delar av verdikjeda, og er vurderte som vesentlege både frå eit påverknads- og eit finansielt risikoperspektiv.

Tabell 4-1 Banken sine vesentlege IRO-ar i tilknytning til kundar med tilhøyrande verdikjedeplassering

IRO-navn	IRO-kategori	Stad i verdikjeda		
		Oppstraums	Eigen drift	Nedstraums
Ansvarleg marknadsføring og grønvaskingsrisiko	Positiv påverknad Risiko	x	x	
Personvern	Risiko		x	

Ansvarleg marknadsføring og grønvaskingsrisiko

Risikoen knytt til ansvarleg marknadsføring er identifisert som vesentleg, særleg i samband med marknadsføring av grønne produkt og distribusjon av fond. Risikoen omfattar både person- og bedriftsmarknaden, og gjeld fare for at banken kan bli oppfatta som – eller skulda for – grønvasking, dersom kommunikasjon ikkje er presis, dokumenterbar og transparent.

Banken har som mål at all marknadsføring skal vere korrekt, at den kan etterprøvast og den er i samsvar med gjeldande regelverk og beste praksis. Ansvarleg marknadsføring er eit verkemiddel for å redusere ESG-risiko, styrke tillit og sikre at kundar får eit korrekt avgjerdsgrunnlag.

Personvern

Personvern er identifisert som ein vesentleg risiko, fordi banken handsamar personopplysningar om kundar i stort omfang. Risikoen gjeld alle kundeforhold og er knytt til både informasjonssikkerheit, systemavhengigheit og etterleving av regelverk.

Effektiv handtering av personvern er avgjerande for banken sitt omdømme og konkurransekraft. Risikoreducerande tiltak er avhengige av robuste IT-system, klare rutinar og kompetente støttefunksjonar på tvers av verdikjeda til banken.

S4-1 Styrande dokument for forbrukarar og sluttbrukarar

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har etablert relevante styringsdokument som regulerer dei vesentlege påverknadene, risikoane og moglegheitene knytt til kundar, slik desse er identifiserte i den doble vesentlegheitsanalysen. Styringsdokumenta gir føringar for ansvarleg marknadsføring, førebygging av grønvasking og handsaming av personopplysningar, og skal sikre etterleving av gjeldande regelverk og interne krav.

Styringsansvaret er forankra i leiinga og styret, medan det operative ansvaret er delegert til relevante fag- og leiarfunksjonar. Tabellen under gir ei oversikt over dei viktigaste styringsdokumenta på området, med tilhøyrande ansvarsdeling.

Tabell 4-2 Styrande dokument knytt til ESRS S4 Forbrukarar og sluttbrukarar

Styrings-dokument	Beskriving	Øvste ansvarleg	
		Operasjonelt ansvar	Vedtek dokument
Marknadsføringspolicy (offentleg)	Dokumentet skal sikre at banken etterlev dei til ei kvar tid gjeldande lover og reglar m.a. når det gjeld bodskap, merking og dokumentasjon av produkt og tenester som banken tilbyr	Marknadssjef	Direktør marknad og kommunikasjon/ Konsernleiinga
Rutine for direkte marknadsføring (intern)	Dokumentet skal sikre at alle tilsette følgjer gjeldande reglar og lovverk når det gjeld bruk av personopplysningar i samband med direkte marknadsføring	Marknadssjef	Direktør personmarknad
Policy for personvern	Dokumentet skildrar banken sine krav til handsaming av personopplysningar og organisering av behandlingsansvaret.	Administrerande direktør	Styret
Retningslinje for behandling av personopplysningar	Dokumentet gjer greie for banken sine krav til handsaming av personopplysningar i alle prosessar, inkludert handtering av avvik og brot på gjeldande regelverk.	Fagansvarleg personvern	Administrerande direktør

Styringsdokumenta blir jamleg vurderte og oppdaterte ved behov, mellom anna som følgje av endringar i regelverk, praksis eller risikobilete. Dokumenta er eit sentralt verktøy for å sikre ansvarleg kundebehandling, redusere risiko og styrkje tillit i relasjonen mellom banken og kundane.

Handtering av påverknad, risikoar og moglegheiter

S4-2 Prosessar for interessentinvolvering og handtering av påverknader

Banken legg til rette for dialog med kundar og andre relevante interessentar som del av arbeidet med ansvarleg kundebehandling, risikostyring og etterleving av regelverk. Dialog og involvering er særleg viktig innanfor dei vesentlege områda ansvarleg marknadsføring og personvern, som er identifiserte i den doble vesentlegheitsanalysen.

Dialog og involvering knytt til ansvarleg marknadsføring og grønvaskingsrisiko

I 2025 har marknadsføring og risiko for grønvasking vore eit prioritert tema i fagmiljøa i SamSpar og SpareBank 1-alliansen. Bakgrunnen er varsla innskjerpingar i regelverket for berekraftskommunikasjon, med iverksetjing i EU frå september 2026.

Endringane følgjer av revisjonar i forbrukarvernregelverket, mellom anna gjennom UCP-direktivet (Unfair Commercial Practices Directive) og regelverket *Empowering consumers for the green transition*. Regelverket stiller strengare krav til dokumentasjon, presisjon og transparens i berekraftsrelatert marknadsføring, og utvidar forbodet mot ulike former for grønvasking.

Som del av førebuingane har bankane i SpareBank 1-alliansen gjennomført dialog, erfaringsutveksling og kompetansebygging i samarbeid med Kruse Larsen. Formålet har vore å styrke felles forståing av regelverkskrava, identifisere risikoområde og bidra til meir einskapleg praksis på tvers av alliansen.

Det reviderte regelverket skal tre i kraft i alle EU-land innan 26. september 2026, og er venta innført i Noreg. Forslag til lovendringar var på høyring hausten 2025.

Dialog og involvering knytt til personvern

Dialog på personvernområdet er ein sentral del av banken sitt arbeid med ansvarleg verksemd og etterleving av personvernregelverket. Den viktigaste eksterne dialogen skjer med relevante styresmakter og bransjeorganisasjonar, særleg Datatilsynet og Finans Norge, som gir rettleiing om tolking og praktisering av regelverket.

Banken deltek i stor grad i denne dialogen gjennom SpareBank 1-alliansen, der fleire bankar samarbeider om felles løysingar og felles forståing av personvernkrav. Dette bidreg til effektiv kommunikasjon med styresmakter, erfaringsutveksling og utvikling av beste praksis innan handsaming av personopplysningar.

Gjennom dialog og samarbeid ønskjer banken å styrke kvaliteten i personvernarbeidet og bidra til ei ansvarleg og tillitsvekkande finansnæring.

S4-3 Tiltak for å handtere vesentlege påverknader og risikoar

Banken har etablert og gjennomført målretta tiltak for å førebygge og redusere vesentlege negative påverknader og risikoar knytt til kundar, og for å styrke positiv påverknad der banken har moglegheit til det. Tiltaka er retta mot dei to vesentlege områda identifiserte i den doble vesentlegheitsanalysen: ansvarleg marknadsføring og personvern.

Tiltak grønvaskingsrisiko og ansvarleg marknadsføring

Gjennomførte tiltak i 2025

I 2025 gjennomførte banken eit kompetansehevande kurs om grønvasking og ansvarleg marknadsføring i lys av kommande regelverksendringar. Kurset var skreddarsydd for SpareBank 1-alliansen og samla tilsette frå fleire relevante fagmiljø i SpareBank 1 Sogn og Fjordane, mellom anna marknad og kommunikasjon, berekraft, risikostyring og etterleving, personvern og datadriven kundedialog.

Tiltaket bidrog til auka medvit om regelverkskrav, risikobilete og krav til dokumentasjon i berekraftskommunikasjonen, og styrka kompetansen på tvers av fagområda, som er involverte i kundekommunikasjon.

Vidare gjennomførte banken i 2025 eit omfattande arbeid med eigne nettsider i samband med overgangen til SpareBank 1-alliansen. Nettsidene fekk ny struktur og utforming, med særleg vekt på betre brukaroppleving, tydelegare informasjon og meir presis framstilling av berekraftsrelaterte tema og grønne produkt. Dette arbeidet har bidrege til å redusere risikoen for misvisande kommunikasjon og styrka kundane sitt informasjonsgrunnlag.

Planlagde tiltak i 2026

I 2026 er det identifisert behov for vidare arbeid knytt til tekst, bilete og visuell utforming på SpareBank 1-alliansen sine felles digitale flater, for å førebu organisasjonen på nytt regelverk for berekraftskommunikasjon.

Det er vurdert at slikt arbeid bør koordinerast på alliansenivå, mellom anna gjennom SpareBank 1 Utvikling, i samarbeid med kommunikasjons- og berekraftsmiljøa. Føremålet er å bidra til ein meir konsistent praksis, styrka etterleving og redusere risikoen for brot på kommande regelverk. Omfang og organisering av tiltak vil bli nærare vurdert i løpet av 2026.

Tiltak knytt til personvern

Målsettingane på personvernområdet skal støtte banken sitt overordna arbeid med ansvarleg verksemd, risikostyring og etterleving av gjeldande regelverk, og gir ei tydeleg retning for korleis banken vernar personopplysningar, reduserer personvernrisiko og styrker tilliten hos kundar og andre interessentar. For å nå desse måla har banken etablert fleire målretta tiltak knytt til handtering av personvernrisiko. Tiltaka skal bidra til god etterleving av regelverket, styrkt risikostyring og auka medvit om personvern i organisasjonen.

Gjennomførte tiltak i 2025

For å styrke handteringa av personvernrisiko har banken i 2025 gjennomført fleire tiltak retta mot kompetanse, internkontroll og samhandling. Banken har styrka arbeidet med registrering og rapportering av personvernrelaterte avvik gjennom målretta opplæring i hendingshandtering.

Det er gjennomført obligatorisk e-læringskurs i personvern for alle tilsette, med ein gjennomføringsgrad på 95 prosent. I tillegg er det starta klasseromsopplæring og praktisk oppgåveløysing, leia av interne fagressursar innan personvern og risikostyring. Opplæringa er tilpassa dei ulike forretningsområda og blir gjennomført puljevis.

For å styrke tverrfagleg samarbeid er det etablert eit samhandlingsforum med deltaking frå personvern, informasjonssikring, IKT, risikostyring og etterleving. Forumet arbeider med vurdering av endringar i risikobiletet, identifisering av relevante tiltak og koordinering av oppfølging på tvers av fagmiljø.

Banken deltek òg, i samarbeid i SpareBank 1-alliansen, med vurdering av handsaming av personopplysningar og konsekvensar for tenester, system og leverandørar.

Planlagde tiltak i 2026

I 2026 vil banken vidareføre og styrke arbeidet med personvern gjennom fleire tiltak. Dette omfattar vidare opplæring og styrking av rutinar for registrering og rapportering av avvik, vidareføring av obligatoriske e-læringskurs og klasseromsopplæring, samt aktiv bruk av samhandlingsforumet for personvern og informasjonssikring.

Banken planlegg òg å markere personverndagen med fagleg innhald og engasjerande aktivitetar for tilsette, både fysisk og digitalt. Vidare vil banken delta i alliansefelles arbeid med oppdatering av personvernerklæring og vurdering av behandling av personopplysningar knytt til tenester, system og leverandørar.

Måleindikatorar og mål

S4-4 Mål knytt til forbrukarar og sluttbrukarar

Banken har fastsett overordna mål for å førebygge vesentlege negative påverknader og risikoar knytt til kundar, og for å styrke tillit, transparens og ansvarleg praksis i møte med kundar. Målsettingane tar utgangspunkt i dei vesentlege IRO-ane identifiserte i den doble vesentlegheitsanalysen, og støttar banken sin strategi, risikostyring og etterleving av gjeldande regelverk.

Målsettingar knytt til ansvarleg marknadsføring og grønvaskingsrisiko

Banken har som mål å sikre at all kundekommunikasjon og marknadsføring er korrekt, at den kan etterprøvast og at den er i samsvar med gjeldande og kommande regelverk. Dette inneber at berekraftsrelaterte påstandar skal vere presist formulerte, dokumenterte og formidla på ein måte som gir kundar eit korrekt og balansert avgjerdsgrunnlag.

Eit sentralt mål er å redusere risikoen for grønvasking gjennom styrka kompetanse i organisasjonen, tydelege styringsdokument og meir einsarta praksis på tvers av kanalar og produkt. Banken arbeider for at marknadsføring av grønne produkt og berekraftsrelaterte forhold skal bidra til auka tillit hos kundar og styrkt omdømme, og samstundes redusere finansiell og omdømerelatert risiko.

Målsettingar knytt til personvern

Banken har fastsett følgjande overordna mål for handtering av personvernrisiko og vern av kundar sine personopplysningar:

1 Sikre etterleving av personvernregelverket

Eit overordna mål er å sikre at banken til ei kvar tid etterlever gjeldande personvernregelverk. Dette inneber tydelege styringsstrukturar, rutinar og kontrollar som sikrar korrekt handsaming av personopplysningar i alle delar av verksemda. Banken skal sjå personvernregelverket i samheng med anna relevant regelverk innan informasjonssikring, IKT, risikostyring og finansiell verksemd, for å sikre ei heilskapleg tilnærming til etterleving.

2 Redusere og styre personvernrisiko gjennom god internkontroll

Banken skal identifisere, vurdere og handtere personvernrisiko på ein systematisk og føreseieleg måte. Målet er å førebyggje brot på regelverket gjennom effektiv internkontroll, strukturert rapportering av avvik og hendingar, samt løpande oppfølging og forbetring av interne prosessar. Dette skal gi leiinga og styret eit godt grunnlag for styring og risikovurdering.

3 Styrke kompetanse og medvit om personvern i organisasjonen

Banken har som mål at alle tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse og medvit om personvernregelverket og sitt eige ansvar ved behandling av personopplysningar. Obligatorisk opplæring, målretta kompetansetiltak og kontinuerleg merksemd rundt personvern skal bidra til å byggje ein sterk personvernkultur og redusere risiko for menneskelege feil. Banken har mål om å nå 95 % gjennomføringsgrad på obligatoriske e-læringskurs innan personvern.

Forretningsåtferd (ESRS G1)

SpareBank 1 Sogn og Fjordane si forretningsåtferd er avgjerande for tillit, finansiell stabilitet og langsiktig verdiskaping. Banken si verksemd er regulert av eit omfattande lov- og regelverk, og banken skal etterleve gjeldande krav til ansvarleg forretningsdrift, tryggleik og etterleving.

Denne delen av berekraftsrapporteringa er avgrensa til dei tema innan forretningsåtferd som er vurderte som vesentlege gjennom banken si doble vesentlegheitsanalyse. Rapporteringa følgjer prinsippa i ESRS, men utgjer ikkje ei fullstendig rapportering etter alle delkrav i ESRS G1.

Strategi

Strategisk relevans

God forretningsåtferd er ein føresetnad for å nå banken sine overordna strategiske mål om vekst, lønsemd og tillit i marknaden. Manglande etterleving av regelverk, eller svikt i tryggleik og kontroll, kan føre til vesentlege negative konsekvensar, mellom anna i form av økonomiske tap, regulatoriske reaksjonar og svekt omdømme.

Samstundes gir systematisk arbeid med førebygging, kontroll og kompetanse innan forretningsåtferd moglegheit til å styrke kundetillit, redusere risiko og sikre berekraftig utvikling av verksemda.

SBM-2 Interessentar sine interesser og synspunkt

Interessentar sine interesser og synspunkt knytt til forretningsåtferd er ivaretekne gjennom banken sitt overordna arbeid med interessentdialog, slik det er omtala under ESRS 2 – Generelle opplysningar. For G1-området er særleg forventningar frå kundar, styresmakter og samarbeidspartnarar relevante, med vekt på tryggleik, etterleving og ansvarleg praksis.

SBM-3 Vesentlege påverknad, risikoar og moglegheitar og samspel med strategi og forretningsmodell

I samband med den doble vesentlegheitsanalysen i 2025 har SpareBank 1 Sogn og Fjordane vurdert korleis banken si verksemd påverkar samfunnet, og korleis forhold knytte til forretningsåtferd kan påverke banken sin finansielle posisjon.

Analysen er gjennomført basert på krava i ESRS 1 og ESRS 2, og byggjer på prinsippet om dobbel vesentlegheit. Vidare i dette kapittelet blir omgrepet IRO-ar nytta for å omtale vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter (impacts, risks and opportunities).

Dei vesentlege IRO-ane innan forretningsåtferd er i hovudsak knytte til banken si eiga drift og relasjonen til kundar og sluttbrukarar, og har tett samspel med banken sin forretningsmodell som finansinstitusjon.

Vesentlege IRO-ar innan forretningsåtferd

På bakgrunn av analysen er følgjande IRO-ar vurderte som vesentlege for ESRS G1:

- Cyber- og datasikkerheit – vesentleg risiko
- Førebygging av økonomisk kriminalitet – positiv påverknad og risiko
- Erstatningsansvar i svindelsaker – vesentleg risiko

Desse IRO-ane reflekterer sentrale risikoar og moglegheiter knytte til tryggleik, etterleving og ansvarleg kundehandtering, og blir følgde opp gjennom styring, interne kontrollar, policyar og operative tiltak.

Tabell 5-1 Vesentlege IRO knytt til ESRS G1 Forretningsåtferd med tilhøyrande verdikjedeplassering

IRO namn	IRO kategori	Stad i verdikjeda		
		Oppstraums	Eigen drift	Nedstraums
Cyber- og datasikkerheit	Risiko		x	
Førebygging økonomisk kriminalitet	Positiv påverknad Risiko			x
Erstatningsansvar i svindelsaker	Risiko			x

Overordna tilnærming til handtering av påverknad, risikoar og moglegheiter

SpareBank 1 Sogn og Fjordane handterer vesentlege IRO-ar innan forretningsåtferd gjennom ein kombinasjon av:

- klare styringsdokument og policyar
- risikobaserte prosessar og interne kontrollar
- systematisk opplæring og kompetansebygging
- løpande overvaking, rapportering og styreoppfølging

Styring og roller knytt til overordna ansvar for berekraft, risikostyring og internkontroll er omtala under ESRS 2 (GOV). Nedanfor blir det gjort nærare greie for dei sentrale styringsdokumenta og rammeverka som spesifikt adresserer dei vesentlege IRO-ane innan ESRS G1.

G1-1 Styrande dokument for forretningsåtferd

Banken har etablert eit sett med styrande dokument som regulerer ansvar, roller og krav knytt til forretningsåtferd. Dokumenta skal sikre etterleving av gjeldande regelverk, førebygge vesentlege risikoar og leggje til rette for ansvarleg og tillitsvekkjande drift.

Styringsstrukturen er risikobasert og retta mot dei IRO-ane som er vurderte som vesentlege innan ESRS G1, særleg førebygging av økonomisk kriminalitet, handtering av svindel og cyber- og datasikkerheit. Dokumenta blir jamleg oppdaterte og følgde opp gjennom rapportering, internkontroll og styrehandtering.

Tabell 5-2 Styrande dokument knytt til vesentlege IRO

IRO	Styrings-dokument	Beskriving	Øvste ansvarleg	
			Operasjonelt	Vedtek dokument
Førebygging av økonomisk kriminalitet	Strategi for vern mot økonomisk kriminalitet	Desse styringsdokumenta skal fastsette rammer og ansvar for banken sitt arbeid med økonomisk kriminalitet, sikre ei risikobasert tilnærming og leggje føringar for operativ gjennomføring, kontroll og rapportering.	Adm. dir./ Leiar økonomisk kriminalitet	Styret
	Strategi kvitvasking, terrorfinansiering og sanksjonar			
	Risikovurdering kvitvasking, terrorfinansiering og sanksjonar			
Erstatningsansvar i svindel-saker	Retningslinje: Tiltak mot svindel	Korleis banken avdekka, førebygger, følgjer opp og rapporterer tilfelle av svindel.	Fagansvarleg svindel	Adm.dir./ Leiar økonomisk kriminalitet
	Operasjonell rutine: Varsling av og handsaming av svindelvarsel			
Cyber- og datasikkerheit	IKT-strategi	Banken sin IKT-strategi seier noko om banken si tilnærming til IKT og informasjonssikring	Leiar IT og forretningsutvikling & CISO	Styret
	Retningslinje for informasjonssikring	Retningslinja er det overordna dokumentet for banken sitt styringssystem for informasjonssikring (ISMS) som i sum inneheld retningslinjer og rutinar for banken sitt arbeid innan området.	IT, Personvern	CISO

Handtering av vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter

Økonomisk kriminalitet

Økonomisk kriminalitet er eit alvorleg samfunnsproblem og ein vesentleg risiko for finansnæringa. For SpareBank 1 Sogn og Fjordane er førebygging og handtering av økonomisk kriminalitet ein føresetnad for tillit, finansiell stabilitet og ansvarleg forretningsdrift.

I den doble vesentlegheitsanalysen er førebygging av økonomisk kriminalitet identifisert både som ein positiv påverknad og som ein risiko, medan erstatningsansvar i svindelsaker er identifisert som ein vesentleg finansiell risiko. Desse IRO-ane treff særleg banken si eiga drift og relasjonen til kundar og sluttbrukarar, og har tett samspel med banken sin forretningsmodell.

Økonomisk kriminalitet

Økonomisk kriminalitet omfattar handlingar der økonomiske verkemiddel blir nytta for å oppnå ulovleg vinning eller for å skjule utbytte frå straffbare handlingar. Slik kriminalitet kan få vesentlege negative konsekvensar for enkeltpersonar, verksemder, finanssystemet og samfunnet som heilskap

Økonomisk kriminalitet omfattar mellom anna:

Kvitvasking – handlingar som har til formål å skjule eller tilsløre opphav, eigarskap eller bruk av utbytte frå straffbare handlingar, slik at midlane framstår som lovlege.

Korrupsjon – misbruk av makt eller tillit for å oppnå ein utilbørleg fordel, til dømes gjennom bestikking, påverknad eller favorisering.

Svindel – utnytting og villeiing av personar eller verksemder for å oppnå økonomisk vinning eller påføre andre økonomisk tap.

Arbeidslivskriminalitet – brot på lover og reglar knytt til løns- og arbeidsvilkår, skatt og avgifter, trygdeordningar og bruk av ulovleg arbeidskraft.

Skatte- og avgiftsunndraging – ulovleg tilpassing eller uriktige/ufullstendige opplysingar som påverkar fastsetting av skattar og avgifter.

Sanksjonsbrot – direkte eller indirekte handlingar som omgår eller bryt nasjonale eller internasjonale sanksjonar.

Terrorfinansiering – bruk av lovlege eller ulovlege midlar til finansiering av terrorhandlingar, terrororganisasjonar eller individuelle terroristar.

Risiko- og påverknadsbilete

Økonomisk kriminalitet omfattar mellom anna kvitvasking, terrorfinansiering, svindel, korrupsjon og sanksjonsbrot. Slike handlingar kan få store negative konsekvensar for samfunnet, undergrave tillit til finanssystemet og påføre banken økonomiske tap, regulatoriske reaksjonar og omdømmerisiko.

Risikoen knytt til svindel og økonomisk kriminalitet er aukande, mellom anna som følge av digitalisering, meir komplekse metodar for bedrageri og profesjonelle kriminelle nettverk. Samstundes har banken gjennom systematisk førebyggjande arbeid moglegheit til å bidra positivt til samfunnet ved å hindre at finansielle tenester blir misbrukte til ulovleg verksemd.

Styring og overordna tilnærming

Banken har nulltoleranse for å bli nytta til kvitvasking, terrorfinansiering eller annan økonomisk kriminalitet. Arbeidet er basert på ein risikobasert tilnærming, der kjennskap til kundar, produkt, tenester og transaksjonsmønster står sentralt.

Styret har det overordna ansvaret for området og får jamleg rapportering om risikobilete, hendingar og utviklingstrekk innan økonomisk kriminalitet, inkludert kvitvasking, sanksjonar og svindel. Den operative oppfølginga er lagt til eigne fagmiljø med spesialisert kompetanse.

Tiltak gjennomført i 2025

I 2025 har banken prioritert følgende tiltak for å førebygge og handtere økonomisk kriminalitet:

Tiltak 1 – Kompetanseheving og opplæring

Banken har gjennomført målretta opplæring innan kvitvasking, sanksjonar og svindel, tilpassa ulike roller og risiko-profil. Tilsette får obligatoriske e-læringskurs, medan styre og konsernleiing har fått særskilt opplæring. Gjennomføringsgraden på opplæringstiltaka er høg, og opplæringa er ein sentral del av banken sitt førebyggjande arbeid mot økonomisk kriminalitet.

Tabell 5-3 Oversikt over gjennomført opplæring og kurs innanfor økonomisk kriminalitet

Emne	Målgruppe	Type opplæring	Gjennomføringsgrad (%)
AML totalt	Alle	E-læring	88
Kryptovaluta	Alle	E-læring	97
Muldyr	Utvalde avdelingar	E-læring	97
Midlenes opprinnelse	Utvalde avdelingar	E-læring	94
Kjenn din kunde-prinsipper	BM	E-læring	91
Profesjonelle tilretteleggere	PM/BM	E-læring	89
Risikoen ved utstrakt bruk av kontanter	BM++	E-læring	89
Lånebedrageri	PM	E-læring	87
Kontantjenester i butikk	PM/BM	E-læring	84
AHV-kurs for styre og leiargruppe	Styret/KL	Kurs	100
Sanksjonar	Styret/KL	Teams	100
Lånebedrageri i eigen bank	Alle	Teams	100

Tiltak 2 – Styrka system- og teknologistøtte

Banken har vidareutvikla eksisterande system og teke i bruk ny teknologi for å betre avdekke mistenkelege transaksjonar og uvanlege mønster.

Tiltak 3 – Risikobasert kundetilnærming

Arbeidet med kundekontroll og oppfølging er styrka for å sikre at tiltak står i forhold til risiko knytt til kundar, produkt og geografisk eksponering.

Tiltak 4 – Informasjon og førebygging retta mot kundar

Banken har gjennomført informasjonsarbeid, mellom anna mot seniorgrupper, for å auke medvitet om metodar for svindel og førebygging.

Effekt og oppfølging

Tiltaka bidreg til reduksjon av risikoen for økonomiske tap, styrking av etterleving av regelverk og til å oppretthalde tillit hos kundar og styresmakter. Arbeidet blir følgt opp gjennom løpande risikovurderingar, internkontroll og rapportering til styret.

Planlagde tiltak i 2026

I 2026 vil banken vidareføre og styrke arbeidet gjennom mellom anna:

- vidareutvikling av risikobasert oppfølging og kontrollar
- ytterlegare kompetansetiltak for relevante fagmiljø
- tettare samarbeid mellom førebygging av svindel, AML og cybersikkerheit
- vidareutvikling av rapportering og styringsinformasjon til leiing og styre

Cyber- og datasikkerheit

Det digitale trugselbiletet er i stadig endring, noko som påverkar risikobiletet for SpareBank 1 Sogn og Fjordane. Økokrim peika i si trugselvurdering for 2025 på at kriminelle aktørar har høg teknologisk kompetanse, som dei kontinuerleg vidareutviklar. Dette gjer det stadig meir krevjande å avdekke mistenkelege transaksjonar. Både Nasjonal Sikkerhetsmyndighet (NSM) og Politiets Etterretningsteneste (PST) peiker i sine trusselvurderingar på innsidetrusselen:

«Ansatte i bank og finans vil i tiden fremover være særlig utsatt for bestiktelser, press eller trusler fra kriminelle aktører som ønsker at de skal utføre tjenester for dem. Kriminelle søker aktivt etter sårbarheter i system og sikkerhets strukturer, og har vilje og evne til å benytte seg av aktører i nøkkelposisjoner som kan legge til rette for eller dekke over den kriminelle virksomheten.»

I banken si doble vesentlegheitsanalyse er «cyber- og datasikkerheit» identifisert som ein vesentleg risiko med potensielle finansielle konsekvensar for konsernet, mellom anna ved at banken sin teknologi kan bli misbrukt til ulovleg verksemd. Trugselbiletet knytt til cyberangrep skjerpar særleg krava til digital motstandskraft, leverandør oppfølging og krisehandtering.

Samtidig kan kunstig intelligens (KI) bli nytta til å styrke kapasiteten til trugselaktørar og ytterlegare utfordre informasjonssikkerheita. Banken har dei siste åra gjennomført fleire tiltak for å redusere kritiske sårbarheiter og styrke styringa av informasjonssikkerheit, inkludert cybersikkerheit.

Styring og overordna tilnærming til cyber- og datasikkerheit

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har ei risikobasert og strukturert tilnærming til cyber- og datasikkerheit. Området er ein integrert del av banken si verksemdsstyring, risikostyring og internkontroll, og er forankra i styret og konsernleiinga.

Cyber- og datasikkerheit er innarbeidd i banken sin strategi for risikostyring og internkontroll, og informasjonssikring er ein sentral del av banken sin IKT-strategi. Banken har etablert klare roller, ansvar og rapporteringslinjer for området. CISO har rapporteringslinje direkte til administrerande direktør og styret, og rapporterer minimum halvårleg, eller oftare ved behov.

Banken samarbeider tett med SpareBank 1-alliansen om førebygging, overvaking og handtering av cyberhendingar. Overvaking og operativ handtering av alvorlege cyberhendingar blir utført av SpareBank 1 Utvikling sitt Incident Response Team (IRT), medan lokale ressursar i banken blir involverte i tråd med etablerte beredskapsplanar.

Den overordna målsettinga er å sikre høg digital motstandskraft, redusere sårbarheiter, førebyggje misbruk av banken sine system og verne om kundar, tilsette og samfunnet.

Tiltak knytt til cyber- og datasikkerheit

I 2025 har banken gjennomført ei rekkje tiltak for å styrke cyber- og datasikkerheita, mellom anna som følgje av nye regulatoriske krav gjennom DORA (Digital Operational Resilience Act), som vart innført i Noreg 1. juli 2025.

Vesentlege tiltak i 2025 omfattar:

- gjennomføring av opplæring innan informasjonssikkerheit for nyttilsette
- etablering av strukturert løype for handtering av IKT- og cyberhendingar, med tilhøyrande retningslinjer
- gjennomføring av fleire beredskaps- og kriseøvingar
- attestering av relevante retningslinjer og rutinar for alle tilsette
- innføring av rutine for bakgrunnssjekk og systematisk oppfølging av tilsette gjennom heile tilsettingsforholdet
- gjennomføring av jamlege phishing-testar for å styrkje sikkerheitskulturen
- oppstart av prosjekt for identifisering og klassifisering av kritisk informasjon i banken

I tillegg har banken følgd SpareBank 1-alliansen sitt felles opplæringsprogram, som gir jamlege korte kurs og påminningar til alle tilsette om informasjonssikkerheit og digital tryggleik.

Tabell 5-4 Gjennomføring av opplæringskurs for tilsette i 2025

Emne	Målgruppe	Gjennomføringsgrad (%)
Hvordan påvirkes trusselbildet av KI	Alle	95
Nasjonalt trussel- og risikobilde 2025	Alle	94
Innsiderisiko – når tilliten utfordres	Alle	92
Sikkerhet i ferien	Alle	90
Bli med Passopp på jobben	Alle	85

Rapportering, testing og kompetansebygging

Cyber- og datasikkerheit blir følgt opp gjennom faste rapporteringsløp, testing og kontinuerleg kompetansebygging. Banken gjennomfører årlege sikkerheitstestar for å avdekke sårbarheiter og følgje opp identifiserte funn. Jamlege phishing-testar og obligatoriske kurs bidreg til å styrke medvit og etterleving blant tilsette.

Informasjonssikkerheit og cyberrisiko blir løpande vurdert i banken sitt risikobilete, og inngår i rapportering til styret som del av den ordinære risikostyringa.

Planlagde tiltak i 2026

I 2026 vil banken vidareføre og styrke arbeidet med cyber- og datasikkerheit, i takt med utvikling i trugselbiletet og regulatoriske krav.

Planlagde tiltak omfattar mellom anna:

- Fortsette å følgje opplæringsprogram for alle tilsette i regi av SpareBank 1 Utvikling
- CISO deltek på nytilsettsamling for å gi opplæring innan informasjonssikring
- Sikringsmiljøet i SamSpar skal samarbeide tettare med teknologiområdet for gjennomføring av relevante sikkerheitstestar i felleskapet
- Utvikle forretningskonsekvensanalysar vidare for å sikre at banken har oversikt over tenester/system/leveransar som understøtter kritiske funksjonar
- Gjennomføre beredskapsøvingar innan delområde og for banken som heilheit
- Fortsette å gjennomføre testar for å dokumentere bevisstheita hos dei tilsette
- Sikre sikkerheitskultur gjennom attestasjon av relevante og oppdaterte rutinar og retningslinjer

Tiltaka skal bidra til å redusere risiko, styrkje digital motstandskraft og sikre etterleving av gjeldande og kommande regelverk.



Måleindikatorar og mål

G1-4 Måleindikatorar knytt til forretningsåtfærd

Tabellane nedanfor gir ei samla oversikt over bekrefta og estimerte tilfelle, saker og hendingar knytte til økonomisk kriminalitet. Dette omfattar mellom anna korrupsjon og bestikking, mistenkelege kundetransaksjonar samt svindel-saker knytte til konto- og korttransaksjonar.

Tabell 5-5 Bekrefta tilfelle av korrupsjon eller bestikking

Bekrefta tilfelle av korrupsjon eller bestikking	2025
Antal bekrefta hendingar med korrupsjon	0
Antal bekrefta hendingar med bestikking	0
Bøter for brot på lover mot korrupsjon og bestikking	0
Domfellingar for brot på lover mot korrupsjon og bestikking	0
Antal brekrefta saker som grunna korrupsjon eller bestikking har medført terminering av avtalar med forretningspartnerar	0
Antall bekrefta hendingar der eigne tilsette vart sagt opp eller ilagt disiplinære tiltak i samband med korrupsjon eller bestikking	0

Tabell 5-6 Bekrefta tilfelle knytt til mistenkelege kundetransaksjonar (antikvitvask)

Bekrefta tilfelle knytt til mistenkelege kundetransaksjonar	2025
Antal saker rapportert til økokrim	403

Tabell 5-7 Estimerte tal knytt til svindelsaker: kontotransaksjonar

Estimerte tal knytt til svindelsaker, kontotransaksjonar	2025
Antal behandla svindelsaker	570
Potensielt tap (kr)	7.847.836
Redda (kr)	1.543.049
Tap for banken (kr)	541.498

Tabell 5-8 Estimerte tall knytt til svindelsaker, korttransaksjonar

Estimerte tal knytt til svindelsaker, korttransaksjonar	2025
Antal behandla svindelsaker	129
Samla tap (kr)	57.912
Tap for banken (kr)	2.143.249